

2022

Årsmelding - Rekneskap

30.03.2023.

Fedje kommune

Innhald

Innleiing.....	2
Kommuneåret 2022.....	4
Organisasjon og planar	7
Personal	8
Folkevalde	8
Interkommunal deltaking – oversyn	9
Økonomi.....	11
Økonomi.....	13
Investeringar	15
Tenester	17
Ansvar 1000 Rådmann	17
Om ansvaret samla:.....	17
Om enkelte av tenestene:	17
Ansvar 1100 Kultur.....	25
Om ansvaret samla:.....	25
Om enkelte av tenestene:	25
Ansvar 2000 Levekår, førebygging og helse.....	27
Samla om ansvaret:.....	27
Om enkelte av tenestene:	27
Teneste 2411 fysioterapi	29
Ansvar 2100 Skule.....	30
Om ansvaret samla:.....	30
Om enkelte av tenestene:	30
Ansvar 2200 Barnehage	36
Ansvar 2300 Pleie og omsorg.....	38
Om ansvaret samla:.....	38
Om tenestene:.....	39
Ansvar 2500 Legetenester	43
Ansvar 2600 Sosiale tenester	44
Om enkelte av tenestene:	44
Teneste 2810 økonomisk sosialhjelp.....	45
Ansvar 3000 Teknisk kontor.....	47
Om tenestene:.....	47
Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg	48
Sjølvkostrekneskap.....	49
Beredskap.....	50
Likestilling, diskriminering og sjukefråvær	51

Innleiing

Året 2022 var prega av to ting. Pandemien gjekk over til å bli handtert som ein vanleg influensa, og det vart slutt på smitteverntiltaka. Før påske i 2022 fekk Fedje kommune ein smittebølge knytt til korona. Den førte til stort fråfall blant tilsette, men me klarte likevel å halde oppe tilbod et i tenestene. Dei tilsette gjorde ein flott innsats for at kommunen skulle klare å levere desse tenestene med eit minimum av personale. Før jul fekk me ein ny runde med sjukdom, der korona var ein del av sjukdomsbilete. Med unntak av nokre skuletimar i skulen klarte me å halde oppe eit forsvarleg tilbod, og juleferien redda skulen i frå å ikkje kunne klare å gjennomføre undervisninga. Det gjekk ut over juleferien til dei tilsette, der mange var sjuke.

Den 24. februar angrep Russland Ukraina og krig i Europa var eit faktum. Krigen har ført til ein straum av flykningar som vi ikkje har opplevd sidan andre verdskrig. I løpet av 2022 har ca. 35 000 flykningar kome til Norge. Vi ventar minst like mange i 2023. Regjeringa har bedt kommunane om ein stor dugnadsinnsats for å busette flykningar. Kommunestyret i Fedje vedtok å ta i mot 30 flykningar i 2022. Tilsette i Fedje kommune har gjort ein formidabel innsats for å følgje opp vedtaket, og pr. 31.12.22 har kommunen busett 27 flykningar. Fokus har vært på å skaffe husvære, gi norskundervisning og språkopplæring i lokale verksemder og i kommunen. Nokre av flykningane har og fått små, midlertidige stillingar i kommunen, mellom anna i barnehage og på skulen. Den store utfordringa blir å skaffe flykningane fast arbeid slik at dei kan klare seg sjølv. Me ynskjer at flykningane blir på Fedje. Dei er eit positivt bidrag i samfunnet på mange måtar.


I 2022 enda rekneskapan med eit positivt netto driftsresultat på 2,6 mill. kr. Dette skuldast tre ting; Mottak av flykningar, større inntekt av havbruksfondet enn venta og høgare skatteinntekter. Likevel må fokus framover være på korleis Fedje kommune skal få auka inntektene sine. Fedje kommune var den kommunen i fylket som fekk lågast auke i statlege overføringar for 2023 på grunn av negativ befolkningsutvikling. Viss vi skal lukkast med målsettingane våre treng kommunen auke i inntektene. Dette kan mellom anna skje ved auke i folketalet, satsing på ny næringsutvikling mellom anna knytt til reiseliv og høgare inntekter knytt til skatt. Kommunedirektøren tenkjer at innføring av eigedomsskatt i Fedje kommune må være eit tema i budsjettarbeidet for 2024. Kommunedirektøren vil legge opp til eit budsjettseminar for kommunestyret før sommarferien for å leggje til rette for ein god budsjettprosess for 2024. Fokus vil være korleis Fedje kommune skal bruke si handlekraft for å lukkast med berekraftig samfunnsutvikling og målbare tenestemål. Dette er i tråd med den nye kommunelova. For å lukkast må det være eit godt samspel mellom politikk og administrasjon.

Alternativt må vi sjå på utgiftene. Moglege tiltak er å omstille og effektivisere. Det ligg gevinst i å sjå på korleis vi organiserer arbeidsoppgåvene og løyser oppgåvene. Ein strengare prioritering av oppgåver kan og gi ein meir effektiv drift. Andre tiltak er å redusere tenestetilbodet og redusere tal tilsette. Det siste er krevjande når behova aukar i alle sektorar. Midlar til drift i kommunen er knappe. Kommunedirektøren ser mellom anna auka behov framover for å styrke bemanninga innan psykisk helse knytt opp mot born og unge. I tillegg vil generell auke i tal born krevje fleire tilsette i skulen og i barnehagen. I løpet av 2022 har fleire tilsette i kommunen slutta, og det har vist seg å være vanskeleg å rekruttere nye tilsette. Arbeidsmarknaden er stram, og me vil måtte setje av meir midlar til å lønne tilsette, både knytt til rekruttering og for å halde på folk. I tillegg har prisstigning og auka rente ført til at kommunen må være forberedt på eit krevjande lønsoppgjer i 2023.

Fedje kommune har ca. 30,5 million kr i lån og ca. 18,6 million kr i samla fondsavsetjingar.

Folketalet i kommunen har dei siste åra gått sakte ned. I 2022 endra dette mønsteret seg. Det har vært ei lita auke i tal innbyggjarar. Det skuldast flyktningane og ei viss tilflytting. Dette er svært gledeleg. Ved årsskiftet i 2021 hadde SSB registrert 502 innbyggjarar. Ved årsskiftet i 2022 var talet auka til 513. Dette talar omfattar ikkje alle flyktningane, fordi det tek lang tid å få dei registrert inn i statistikken til SSB.

Ser vi på aldersfordelinga blant innbyggjarane, har SSB registrert det slik i diagrammet under. Grøne søyler til venstre er menn, svarte søyler til høgre er kvinner.



Saka om ubåten U-864 igjen vorte aktualisert. Ekspertutvalet kom med sin rapport og tilråding den 20. september. Den blei lagt fram for fiskeri- og havminister Bjørnar Skjæran. Rapporten vart sendt på høyring, og kommunestyret støtta opp om konklusjonen i rapporten i si høyringsuttale. Så mykje som mogleg av kvikksølv skal takast opp, og resten skal dekkjast til. No ventar me at regjeringa vedtar å følge rapporten sine anbefalingar, og at realiseringa av dette arbeidet vil liggje i statsbudsjettet for 2024.

Berit Karin Rystad
Kommunedirektør

Kommuneåret 2022

Kommuneåret som gjekk: Eit attersyn på 2022

Januar

Den 17. januar vitja "Fenriken" frå TV-programmet "Kompani Lauritzen" Føðje. Han heldt foredrag i Fleirbrukshallen for elevar i 7-10 klasse, samt tilsette i skulen og barnehagen. Arrangementet var ein «Kick-off» for satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø».



Februar

Karneval Barnehagen: Som tradisjon har barnehagen karneval i februar. Dei har diverse leikar for både store og små gjennom dagen, god lunsj og avsluttar det heile med pinata.



Mars

25.mars er det internasjonale vaffeldag. Då inviterte sjukeheimen resten av kommunen på besøk til kos med vaffelkaker og prat.



April

Sjukeheimen markerte påske med egg og pynt. Barnehagen feira påske med eggjakt og påskebesøk i kyrkja. På bilete demonstrerar presten korleis Jesus vaska disiplene sine føt.



Mai

Barnehagen gikk i tog, og møtte mange med veivande flagg langs vegen. Oransjerussen var med og endestasjonen var sjukeheimen. Ordførar stilte som «bussjåfør», og saman song dei alle dei flottaste mai – songane. Sjukeheimen hadde 17.mai-markering med alt som høyrer med.



Juni

Avdeling Rus' og psykisk helse sponsa Ludo-spel på gata!
 • 8.klasse hadde jobbskugging,
 • Sara var i pleie og omsorg og Mattias var i sentraladministrasjonen.
 Bebuare, på sjukeheimen dro å kikka då dampskip vitja Fedje.



Juli

Den 1. juli vart ferja gratis!
 I sommar kom dei ukrainske flyktingane til Fedje. Lisbeth Reiso, norsklærer for klassen, seier: «alle lærerar skulle ein gang i livet få oppleve å ha ein slik klasse å undervise». Engasjementet er stort i denne gjengen!



August

Barnehagen deltok for første gong på Turbotrækk. Det var engasjerande med postar med spørsmål, turbingo og godt samarbeid ute i naturen.



September

Å lage ein sansehage tar si tid! Det var difor endå meir gøy når både høgbed og pergola på sjukeheimen vart ferdig i september.

16.september inviterte kommunen til ein internasjonal matfestival, det vart suksess med mange nasjonar med.



Oktober

Kreative barn laga Halloween-pynt på "drop-in".

Eldredagen vart markert den 6. oktober i Fleirbrukshallen.

Verdsdagen for psykisk helse vart markert i hjartebanken.



November

Fedje Kommune var godt representert på utdanningsmessa i Nordhordlandshallen. Biblioteket starta med ukentleg språkkafe. Natalia leiar til vanleg kafeen sidan ho kan russisk. Dette er ein kjekk arena for innbyggjarane på Fedje til å bli betre kjent med flyktingane. Oppdatert og digitalisert utgåve av Fedje og Folket vart lansert.



Desember

Ungdomsklubb i regi av kommunen vart offisielt åpna av ordførar som klippa snor. Etterpå var det fest! Flyktingane hadde juleavslutning i Hjartebanken med framсыning av sketsjen «Kelner, det er ei fluge i súppa mi» på norsk. Barnehagen fekk besøk av julenissen.



Organisasjon og planar

Reguleringsplan Koppersevja

Denne planen har det vorte arbeidd mykje med i 2021. I desember 2021 var det møte hos Statsforvaltaren. Etter møtet sende Statsforvaltaren motsegn mot planen. Planen har vært å legge fram planen til offentlig ettersyn i løpet av 2022. Dette er ikkje blitt gjort på grunn av manglande kapasitet og kompetanse.


Arbeidet knytt til plan, byggesak, delesak og dispensasjonar har i stor grad stoppa opp hausten 2022 på grunn av sjukefråvær og manglande kapasitet. Det har vært leigd inn hjelp til å ta nokre av sakene, mellom anna frå Osterøy kommune. Mykje er blitt svært forseinka, og innbyggjarane har ikkje hatt eit tilfredsstillande tilbod hausten 2022. Kommunalsjef for samfunnsutvikling sa opp stillinga si den 21.1.23 og det blir no rekruttert ny leiar.

Statsforvaltaren førte tilsyn på Fedje kommune sin beredskapsplan og helseberedskapsplan sommaren 2022. Begge planane avdekte lovbrøt. Kommunedirektøren har engasjert eksternt firma for å få lukka avvika. Planen er å leggje fram ny, revidert plan for beredskap og for helseberedskap for kommunestyret i junimøtet 2023.

Fedje kommune deltek i interkommunal plan for sjøareal, og planen har i 2022 vært på 1. gangs høyring. Det er framleis motsegn frå kystverket, men etter høyringa har og statsforvaltaren motsegn på etablering av ny lokalsjon for akvakulturanlegg på Fedje.

Kommunedirektøren har elles prioritert at Fedje kommune har svart ut diverse høyringar, mellom anna høyring som gjeld ubåten (U 864).

Organisasjonskart for Fedje kommune pr. 1.7.22:



Flyktingarbeidet har i 2022 lagt under rådmannen og vært knytt til ansvar 2000.

Personal

Året har vært prega av stor utskifting av personalet. Våren 2022 slutta kommunedirektør Hagesæter og i seks månadar vikarierte Olav Mongstad som kommunedirektør. 25. juli starta noverande kommunedirektør opp i jobben. Det har difor vært mykje ustabilitet knytt til leiinga av kommunen. Dei tilsette har måtta helde seg til tre kommunedirektørar på eitt år. Dette er lite gunstig, og det er no viktig å skape ro og stabilitet i organisasjonen framover. Dette gjeld og kring dei tilsette. Fleire tilsette har slutta i løpet av 2022, og hausten 2022 har vært prega av at kommunen ikkje har hatt folk til å gjere den jobben som trengs for å yte gode tenester til innbyggjarane. Dette gjeld spesielt for teknisk og økonomi. Det har vært leigd inn folk og firma for å få arbeidet gjort så godt som mogleg.

I ein liten organisasjon er det viktig med formelle og uformelle møteplassar der ein både får utveksling av saksopplysningar og føler seg som ein del av eit større fellesskap. Kommunedirektøren har arbeidd med å få samlokalisert sentraladministrasjonen i Servicetorget, og tilsette knytt til helse inn i Helsestasjonen. Helsestasjonen vil bli bygd om til Familiens hus, der tenester knytt til born, psykisk helse, rus, fysioterapi, ergoterapi og psykolog blir lokalisert saman, og det blir «ein dør inn». Dette vil og gi eit sterkare fagmiljø, og bidra til å styrke arbeidsmiljøet. Helsesjukepleiar har og fått kontor på skulen i 2022, og har faste tider der ho er tilgjengeleg for barna; «Ei ope dør».

Kommunehuset er i dårleg stand, det fysiske arbeidsmiljøet tilfredsstillar ikkje krava og det er vanskeleg å rekruttere nye tilsette utan å kunne tilby akseptable arbeidsplassar. Kommunestyret vedtok hausten 2022 å bygge om Servicetorget slik at alle tilsette i sentraladministrasjonen skal ha ein akseptabel kontorplass på Servicetorget som tilfredsstillar krav frå arbeidstilsynet og sørger for universell utforming.

Folkevalde

Representantar i kommunestyret

Høgre:

Ordførar Stian Herøy, Otto-Andre Nordby, Paul Gunnar Gullaksen, Paul Magnar Knapskog, Silje Sulen Gullaksen, Paul Rognsvåg.

Framstegspartiet

Varaordførar Bjørn Solbakk, Frode Hjønnvåg, Marit Solbakk Øien.

Arbeidarpartiet:

Kamilla Bjerkholt Karlsen, Hans Erik Waage, Anna Marit Storemark, Einar Villanger, Gidske Borge Kolltveit, Hans Erik Waage, Thea Koppen Blomvågnes.

Medlemmer i formannskapet

Ordførar Stian Herøy (H), Varaordførar Bjørn Solbakk (Frp), Marit Solbakk Øien (Frp), Hans Erik Waage (Ap), Kamilla Bjerkholt Karlsen (Ap)

Ordførar har 90% og varaordførar 20% av vanleg ordførargodtgjersle.


Møte i utval og styre i 2022

Utval/styre	Tal møte	Tal saker
Formannskapet, 4 av møta har vore partsamansett.	15	117
Kommunestyret	7	80
Arbeidsmiljøutvalet/AMU	2	11
Eldrerådet	2	10
Kontrollutvalet	4	59
Ungdomsrådet	3	13

Interkommunal deltaking – oversyn

Fedje kommune tar del i fleire interkommunale organ.

Kontrollutvalet har utarbeidd ein rapport om eigarskapskontroll. I denne rapporten har Vestlandsrevisjon sett opp Fedje kommune sine medeigarskap i ulike samarbeidsprosjekt i regionen. Eigardelane er ikkje justert etter kommunesamanslåinga Alver.



Under her er lista opp medlemmer frå Fedje i dei største organa Fedje er med i Nordhordland.

Region Nordhordland IKS:

Eigarane er kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Representantskapet består av eigarrepresentantar som kommunestyret oppnemner. Representantskapet vel eit uavhengig styre på tre medlemmer med to vara. Regionrådet er sett saman av ordførarane med kommunedirektørane som har talrett. Leiar og nestleiar er vald mellom ordførarane.

Medlem: Ordførar Stian Herøy og kommunedirektør Berit Karin Rystad.

I tillegg organiserer dei rådmannskollegiet. Det er eit samarbeidsorgan bestående av kommunedirektørane i medlemskommunane.

Aufera AS

Aufera AS er ei vekstbedrift eigd av Austrheim, Fedje og sidan kommunesamanslåinga, Alver. Aufera AS er organisert med eit styre og eit representantskap. I representantskapet er alle kommunane representert. Representant frå Fedje er

Medlem Torill H. Horgen og Stig Øien
Vara Einar Villanger og Otto-Andre Nordby

NGIR

Kommunane som eig NGIR er:

Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund.

Fedje sine representantar i representantskapet er:

Medlem Kristin Aase og Paul Knapskog

Vara Hans Erik Waage, Stig Øien og Janne Tangen

Representantskapet vel eit styre på 5 medlemmer pluss ein representant frå dei tilsette. Andre vara til styret er Marit Solbakk Øien frå Fedje.

Kommunestyret gjorde vedtak i budsjettmøtet den 15.12.22 om at fakturering til abonnentane skal gjerast av NGIR, og ikkje lenger av Fedje kommune. Fedje kommune har vært den einaste kommunen i samarbeidet som har gjort faktureringa sjølv. Utgifter til fakturering ligg i avtalen, og dette vil difor ikkje gi auke i gebyr for abonnentane.

Årsmøtet Opplæringskontoret i Nordhordland

Representantar frå Fedje:

Medlem Kamilla K. Karlsen
Vara: Torill Horgen

Dette er dei mest sentrale politiske samarbeidsorgan i regionen. I tillegg er det oppretta mange administrative, faglege samarbeidsorgan. Desse vert ikkje tatt med i denne omgang.

Økonomi

Samanstillinga av budsjett opp mot rekneskap viser fylgjande (tal i heile tusen):

	Driftsrekneskap – Ansvar	Rekneskap 2022	Budsjett 2022
1000	Rådmann	12 964	11 679
1100	Kultur	1 859	1 708
2000	Levekår	1 838	2 013
2100	Fedje skule	13 144	13 300
2200	Fedje barnehage	3 656	3 642
2300	Fedje sjukeheim	19 951	18 747
2500	Legetenester	4 952	5 347
2600	Sosialtenester	4 286	3 617
3000	Teknisk kontor	2 587	2 276
3100	Kommunale bygg	8 333	6 120
3500	Avskrivningar	-4 106	-4 106
4000	Finansiering	-69 463	-64 343
	TOTALT	0	0

Forklaring:

Ansvar 1000 Rådmann

Rekruttering av ny kommunedirektør var ikkje budsjetttert. Utgifter til vikar for kommunedirektøren er og høgare enn det som er budsjetttert. Innan IKT og innovasjon er det meirkostnadar knytt til kjøp av utstyr/materiell. Servering var budsjetttert med kr. 5000,-. Der er det eit overforbruk på ca. 30 000,-.

Ansvar 1100 Kultur

Kultur har hatt eit overforbruk på ca. 150 000 kr. Dette skuldast at det blei tilsett ein medarbeidar som skulle drive ungdomsklubben i 40% stilling, og dette var det ikkje budsjetttert for. I tillegg er det overforbruk på løn knytt til andre tilsette på kultur. Kulturskulen har heldt budsjettet til tross for auke i stillinga som kulturskulerektor og stor auke i tal born som deltek på kulturskulen. Dette skuldast auka inntekt knytt til eigenbetaling.

Ansvar 2000 Levekår, førebygging og helse

Det er eit lite overforbruk hjå ergoterapi og skulehelsetenesta/helsesjukepleiar. Innbyggjarane fekk tilbod om 4. dose med vaksine mot korona, og dette ekstraarbeidet var det helsesjukepleiar som gjennomførte og administrerte.

Ansvar 2100 Skule

Skulen har eit samla mindreforbruk på om lag 156 000,-. Dette skuldast i hovudsak at Vaksenopplæringa hadde ikkje elevar våren 2022, og dermed hadde me eit halvt år utan lønsutgifter. Hausten 2022 blei det etablert undervisning for dei ukrainske flyktingane. Det blei tilsett lærar i vaksenopplæringa i 50%. Desse utgiftene er dekkja inn med statleg støtte (427.000,-).

Ansvar 2200 Barnehage

Barnehagen har heldt seg innafor budsjett.

Ansvar 2300 Pleie og omsorg

Her er det eit meirforbruk på om lag 1 200 000,-. Orsak til det ligg i stort sjukefråvær, låg grunnbemanning og dårleg tilgang til vikarar med mykje meirarbeid på dei fast tilsette og bruk av vikarbyrå.

Ansvar 2500 Legeteneste

Legetenester har nytta 395 000,- under budsjett.

Ansvar 2600 Sosiale tenester

Denne budsjettposten har eit overforbruk på ca. 669 000,-. Dette skuldast i hovudsak mottak av flyktingar (introduksjonsordninga) og sosialstønad.

Ansvar 3000 Teknisk kontor

Ansvar 3000 hadde eit overforbruk på 311 000,-. Dette skuldast auka utgifter til vedlikehald, større utgifter til forsikring og auke i straumprisane.

For byggesak og kart og oppmåling er det eit overforbruk. Hausten 2022 måtte Fedje kommune kjøpe inn tenester frå Austrheim til kart og oppmåling. Utgiftene til tenestekjøp er høgare enn gebyra, og difor blir det eit overforbruk. Gebyra er justert opp i budsjett for 2023. Når det gjeld byggesak så er det eit stort overforbruk. Det skuldast at kommunen ikkje hadde tilsett til å sakshandsame byggesaker, og me måtte kjøpe tenester frå andre som er dyrare enn den kommunale sakshandsaminga. I tillegg er gebyra for låge. Desse gebyra blei ikkje auka i budsjett for 2023. Gebyra må aukast i 2024.

Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg

Kommunale bygg og anlegg har eit overforbruk på 2 213 000,-. Dette skuldast først og fremst utgifter til straum på dei kommunale bygga og diverse oppgraderingar i dei kommunale bustadane.

Ansvar 3500 Avskrivningar

Avskrivning betyr at ein kostnad vert fordelt over fleire år i rekneskapan. På den måten reduserer ein verdien gradvis. Dette vert gjort for kjøp av fysiske ting (eigedelar) som skal:


- Nyttast i/av kommunen.
- Har samla kostnad på over 100 000
- Har en forventa levetid på minst tre år.

Grunnen til at dette vert gjort, er for å ta høgde for at kostbare kjøp (f.eks. eit bygg, ein bil eller ein PC) tapar seg i verdi over tid. Motpost her er Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg.

Økonomi

ØKONOMISKE OVERSIKTER	Rekneskap 2022	Budsjett 2022
<u>Driftsinntekter</u>		
1 Rammetilskot	44 175	44 792
2 Inntekts- og formuesskatt	18 263	15 892
3 Eigedomsskatt	2 214	2 200
4 Andre skatteinntekter	0	0
5 Andre overføringar og tilskot frå staten	8 584	2 457
6 Overføringar og tilskot frå andre	8 281	3 695
7 Brukarbetalingar	3 035	3 084
8 Sals- og leigeinntekter	7 800	7 449
9 Sum driftsinntekter	92 352	79 569
<u>Driftsutgifter</u>		
10 Lønsutgifter	48 656	45 282
11 Sosiale utgifter	10 361	10 963
12 Kjøp av varer og tenester	24 494	19 268
13 Overføringar og tilskot til andre	6 008	3 749
14 Avskrivningar	4 106	4 106
15 Sum driftsutgifter	93 571	83 368
16 Brutto driftsresultat	-1 219	-3 799
<u>Finansinntekter</u>		
17 Renteinntekter	637	290
18 Utbytte	1 127	1 000
19 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0
20 Renteutgifter	578	530
21 Avdrag på lån	1 408	1 300
22 Netto finansutgifter	-222	-540
23 Motpost avskrivningar	4 106	4 106
24 Netto driftsresultat	2 665	-233
	2,9 %	-0,3 %
<u>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</u>		
25 Overføring til investering	0	0
26 Avsetningar til bundne driftsfond	1 653	0
27 Bruk av bundne driftsfond	-319	0
28 Avsetningar til disposisjonsfond	1 331	0
29 Bruk av disposisjonsfond	0	-233
30 Dekning av tidlegare års meirforbruk		
31 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	2 665	-233
32 Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)	0	0

<i>Resultat</i>	<i>R 2022</i>	<i>B 2022</i>	<i>R 2021</i>	<i>B 2021</i>
Brutto driftsresultat	-1 219	-3 799	-5 725	-1 551
Netto driftsresultat	2 665	-233	-2 163	1 010
Rekneskaps messig meirforbruk	0	0	0	0




Gjeldsutvikling

Fondsutvikling

Gjeldssituasjonen er tilfredsstillende.

Ingen nye låneopptak dei siste åra gjer at gjelda går ned.

<i>Lån</i>	<i>Rekneskap 2022</i>	<i>Rekneskap 2021</i>
Forvaltningslån	4 798'	2 597'
Midlar for utlån	154'	340'
Ubrukte lånemidlar	641'	641'
Lånegjeld inkl. forvaltningslån	30 530	30 787'
Lånegjeld per innbyggjar	61'	61'



Renter og avdrag må dekkast i drifta.
Det må være fokus på å fylle opp fonda.

I 2021 nytta kommunen meir enn me tilfører fonda. I 2022 har kommunen igjen midlar å sette av til fond.

<i>Fond</i>	<i>R 2022</i>	<i>R 2021</i>	<i>Kommentar</i>
Bundne driftsfond	3 642	2 307	Kan berre brukast til vedtekne formål i drift
Ubundne investeringsfond	5 502	5 659	Kan fritt brukast til investeringar
Bundne investeringsfond	1 013	1 013	Kan berre brukast til vedtekne formål
Disposisjonsfond	8 444	7 113	Kan fritt brukast i drift og investering
TOTALT	18 600	16 092	Auke på 15,6%

Investeringar

<i>Oversikt over bevillingar - investeringar</i>	<i>R 2022</i>	<i>(B 2022)</i>	<i>Opphavelag B 2022</i>
1 Investeringar i varige driftsmidlar	2 211	2 124	4 950
2 Tilskudd til andre sine investeringar	68	0	0
3 Investeringar i aksjar og andeler i selskap	219	210	210
4 Utlån av egne midlar	0	0	0
5 Avdrag på lån	1 052	0	310
6 Sum investeringsutgifter	3 550	2 334	5 470
7 Kompensasjon for meirverdiavgift	487	401	850
8 Tilskudd frå andre	0	0	0
9 Sal av varige driftsmidlar	1 866	1 866	0
10 Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0
11 Utdeling frå selskap	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	220
13 Bruk av lån	0	0	2 000
14 Sum investeringsinntekter	2 353	2 267	3 070
15 Vidare utlån	2 686	2 500	0
16 Bruk av lån til vidare utlån	2 686	2 500	0
17 Avdrag på lån til vidare utlån	298	310	0
18 Mottatte avdrag på vidare utlån	211	220	0
18 Netto utgifter vidare utlån	88	90	0

ÅRSMELDING - REKNESKAP

20 Overføring frå drift	0	0	-496
21 Netto avsetningar til eller bruk av bundne	0	0	0
22 Netto avsetningar til eller bruk av ubunde	-88	-157	-1 904
23 Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0
24 Sum overføring frå drift og netto avsetn.	-157	-157	-2 400
25 Framført til inndekning i seinare	1 040	0	0

Sal av varige driftsmidlar: Dette gjeld Husøyna 23 og 51, samt nokre tomtar og tilleggsareal.

Tiltak i 2022	Kostnader inkl. mva i rekneskapan	Kostnader inkl. mva i budsjett	Opphavelag kostnader inkl. mva i budsjett
1200 ADMINISTRASJON			
2022 Eigenkapitaltilskot KLP	219	210	210
2330 MILJØRETТА HELSEVERN			
2021 Nytt legekantor	86	0	0
2022 Kjøp av utstyr	102	100	100
2610 INSTITUSJONSLOKALE			
2022 Vøling av tak	0	0	500
2022 Ny ytterdør	524	524	200
2022 Fedje helsetun	0	0	500
2830 ETABLERING OG OPPRETTHALD AV EIGEN BUSTAD			
2022 Startlån	1 120	2 810	310
3200 KOMMUNAL NÆRING			
2022 Hjelpemiddellager	266	266	0
3530 AVLØPSNETT/INNSAMLING AV AVLØPSVATN			
2020 Pumpestasjon - Kopper	0	0	700
3600 NATUTFORVALTING OG FRILUFT			
2022 Nordsjøløypa	839	839	1 700
3812 FLEIRBRUKSHALL			
2022 Oppgradering bowlinghallen	0	0	250
3930 GRAVPLASSAR OG KREMATORIE			
2021 Utviding av gravplassen	395	395	1 000

2330 Miljøretta helsevern: Innkjøp av diverse medisinsk utstyr

2610 Institusjonslokale: Ny ytterdør blei vesentleg dyrare på grunn av ekstraarbeid med å pusse opp venterom og toalett knytt til legetenesta. Vøling av tak blei ikkje gjennomført på grunn av teknisk vurdering som eie at tiltaket kan vente nokre år. Fedje helsetun er ikkje starta på grunn av manglande kapasitet.

3200 Kommunal næring: Det låg ikkje inne i budsjettet å flytte hjelpemiddellager, men det måtte gjennomførast fort på grunn av at hjelpemidla blei øydelagt av å bli lagra i eksisterande lokale.

3530 Pumpestasjon Kopper: Ikkje gjennomfør pga. manglande kapasitet.

3600 Naturforvaltning og friluft: Siste del av Nordsjøløypa/turstien vart satt i gang hausten 2022 og blei ikkje ferdig innan 31.12.22

3812 Fleirbrukshall: Oppgraderinga viste seg å koste mindre enn 100 000,- og blei difor belasta driftsbudsjettet.

2021 Utviding av gravplassen: Konsulenthonorar til utgreiing av prosjektet. Anbud vart sendt ut hausten 2022. Det blei satt av 7.1 millionar i budsjettet for 2023 til utviding av gravplassen.

Tenester

Ansvar 1000 Rådmann

Om ansvaret samla:

På ansvarsfeltet 1000 ligg kommunedirektøren, økonomikontoret, personalsjef og fellestenestene med sørviskontoret. I tillegg kjem ansvaret for dei interkommunale tenester som IKT Nordhordland, Vestlandsrevisjon, Regionrådet (NUI), AUFERA, Interkommunalt arkiv (IKAH) og bedriftshelsetenesta. Her ligg og ansvaret for saksførebuing inn mot politiske organ. Rådmannen har det daglege og overordna oppfølgingsansvaret inn mot den kommunale organisasjonen.

Om enkelte av tenestene:

Teneste 1000 politisk styring/1002 val/1003 råddelva formannskapet/1004 prosjektgrupper/1100 kontroll og revisjon/1802 eldreråd/2311 ungdomsråd

Om tenesta:

Tenestene her gjeld fast godtgjering til ordførar (90% verv) og varaordførar (16% verv), møtegodtgjersler og andre utgifter til val, kurs, møter, samt ein pott til råddelva for formannskapet og 50 000 kr til arbeidsgrupper nedsett av kommunestyret, som består av både folkevalde og andre medlemmar.

Arbeidsgruppene var i 2022:

Arbeidsgruppe for turløype – leiar Anna Marit Storemark

Arbeidsgruppe for marknadsføring (inkl. Prøvebu) – leiar Otto Andre Nordby

Arbeidsgruppe lokalisering ungdomsklubb – leiar Thea Blomvågnes

Arbeidsgruppene vart opphavelig oppretta i kommunestyremøtet i desember 2019, men har vorte endra litt i samansetning og mål/tema etter kvart.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2022:	Status
Auka intern kompetanse på saksbehandling	
Utvikle betre rutinar for saksbehandling som skal til politisk avgjerd	

Det er gjennomført felles gjennomgang og endring av struktur i budsjett og årsmelding. Det er gjeve tilbud om jamlege internopplæringskurs saksbehandlingssystem Websak+, samt e-læring på same tema. Dette er ein kontinuerleg prosess, som startar på ny kvar gong det kjem nye tilsette. Når det gjeld rutinane for saksbehandling er det tiltak innført med nye interne fristar og rutinar.

Tenestemål 2021-2024: Mål i budsjett	Status
Nytte KS Program for folkevalde fullt ut	*
Heve kompetansen om og bruk av politikarane sin møteportal	

* Har framleis ein dag att, som ikkje vart nytta i 2021.

Økonomi

Tenesta har i 2022 hatt noko mindreforbruk. Det er brukt meir på utstyr (pc/data) og på møtegodtgjersle som det ikkje var budsjettert for. Kommunestyret vedtok i 2022 å ikkje gje fast godtgjersle til dei folkevalde, samt at varaordførar gjekk ned frå 20% til 16% godtgjersle. Underforbruket på teneste 1000 politisk styring er på kr. 53 000,-. Dette underforbruket kjem hovudsakleg frå mindreforbruk på godtgjersle til ordførar/varaordførar og sosiale utgifter knytt til desse. Noko av grunnen kan vere at nivået på godtgjersla følgjer stortingsrepresentantgodtgjersle. Den godtgjersla har stått stille sidan 2019, medan me har budsjettert med lønnsauke på linje med andre tilsette i kommunen.

Teneste 1201 personalavdeling/1203 fellestenester/1204 oppfølging personalplan

Om tenesta:

Fellestenester er postmottak, arkivtenester, saksbehandlarar, møtesekretariat, innbyggjartorg/telefon, heimesider og kommunikasjon, til saman 1,6 årsverk frå 01.01.22. Ansvar for val ligg til fellestenester. Samt 0,5 årsverk på kommunikasjon. I tillegg følgjer me opp serverings- og skjenkeløyve (5% av ei stilling vert ført på teneste 2332 edruskapsvern) 40% stilling vart flytta frå fellestenester til ungdomsklubben frå 01.08.22.

Personal er til saman 1 årsverk, og har ansvar for rekruttering, felles kompetanseheving, lokale forhandlingar, assistanse for leiarane i vanskelege personalsaker, sjukefråværsoppfølging, permisjonar, drøftingar tillitsvalde, utvikling av planar, rutinar og utvikling av Fedje kommune som arbeidsgjevar. Våren 2022 fekk personalsjefen eit års permisjon. Kommunedirektøren var personalsjef ut året i 2022. I slutten av juni vart det tilsett personalrådsgjevar i 1 års vikariat.

Nøkkeltal fellestenester:

5665	Tal journalførte dokument i 2022. Det er behandla ca. 20 000 inngåande og utgåande dokument / e-postar i 2023.
29	Møte i 2022, med tilhøyrande innkalling/sekretariat/etterarbeid
Ca.116	Politiske saksutgreiingar administrasjonen til saman har skrive i 2022. Kontrollutvalet kjem i tillegg, dei har sitt eige møtesystem og sekretariat.
64	Politiske sakutgreiingar som fellestenester har skrive i 2022.

Nøkkeltal årsverk Fedje kommune:

For 2022 har me laga eit nytt system for å få fram nøkkeltala knytt til årsverk.

Sektor/eining	Ansvar	31.12.22	Kommentar 2022
Administrasjon	1000	3,0	I tillegg til desse årsverka kjem 1,06 årsverk til verva som ordførar/varaordførar. Det var 6 årsverk i 2021. Det låge talet i 2022 skuldast vakante stillingar
Kultur	1100	2,0	Inkludert bibliotek. Det er auka opp 20% til kulturskulerektor og teke 40% frå administrasjon til ungdomsklubben
Helsetenester	2000	2,0	Inkludert helse og omsorgssjef + fysioterapeut. Fysioterapeut har gått opp 20% frå 2021 til 2022
Skule, SFO og vaksenopplæring	2100	17,2	Inkludert 1,6 årsverk til reinhald av skule, hall og symjehall
Barnehage	2200	5,96	Inkludert reinhald. Det er auka opp i stilling pga. auke i tal born
Pleie og omsorg	2300	22,8	Inkludert psykisk helse
Legetenesta	2500	2,1	Inkludert helsesekretær og reinhald. Helsesekretær er auka med 20 % til 60%. Kommuneoverlegen har fått auka stillinga frå 32% til 45%.
Sosialtenester	2600	0,5 (inkl. flykt)	Sosialtenesta ligg inne i vertskommunesamarbeidet NAV Fensfjorden. Introduksjonsordninga er lagt inn her med 50% stilling som flyktningkoordinator
Teknisk	3000	3,0	1 vakant stilling
Kommunale bygg	3100	1,0	Reinhald
Samla årsverk		59,56	

Historisk oversikt over årsverk:

Årstal	2018	2019	2020	2021
Samla årsverk	64,25	62,28	61,9	61,9

Å merke seg med denne oversikta:

Knytt til kjønn er fordelinga 64,4 % kvinner og 35,6 % menn som er tilsett i Fedje kommune.

I denne oversikta har me teke vekk tilsette i permisjon. Dei er framleis tilsett i kommunen, men i dei fleste av desse stillingane går det vikar som er rekna med i årsverka (men det gjeld ikkje alle). Ei anna feilkjelde er langtidssjukemelde, der me får lønna refundert frå NAV, men i lønssystemet vil det sjå ut som me betalar ut to årsverk. Dette er forsøkt silt ut.

I tillegg til desse stillingane, har me med ein helsefagarbeidarlærling i 80%. Me kjøpte tenester frå andre kommunar, blant anna innan IKT, helsesjukepleiar, ergoterapeut, barnevern, PPT, skatteinnkrevjing, landbrukskontor og sosialkontor/kommunalt NAV/kart og oppmåling. Stillinga som psykolog i 20% stilling, som me har kjøpt frå Austrheim kommune, har stått vakant i 2022.

Mål i budsjettet

Teneste 1201 personal:

Tenestemål 2022:	Status
E-læring som del av mottak nye tilsette og generell kompetanseutvikling	

Teneste 1203 fellestenester:

Tenestemål 2022:	Status
Prioritere tydeleg, slik at lovpålagte oppgåver vert gjort først	

Også 2022 har vore prega av ein del fråvær og vakansar, og behov for tydeleg og hard prioritering. Frå mai og ut desember har me brukt vikar i 40 % stilling – grunna sjukefråvær.

Økonomi

Teneste 1201 har noko overforbruk på lønn, pga. sjukelønnsrefusjon som ikkje kom inn før i 2023. Elles held me oss innanfor budsjetttrammene.

Kompetanseheving i 2022:

Kurs i Teams, Websak+, Yammer, Sharepoint, kurs knytt til valgjennomføring, arkivfagleg konferanse, ansvarleg alkoholhandtering, Netpower kvalitetsstyringssystem.

Andre viktige tema:

IKAH – Fedje kommune er medeigar i Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS. Dei oppbevarer vårt gamle papirarkiv i tråd med arkivlov og forskrift i dei gamle fjellhallane til Hansa, samt er ein fagleg ressurs i enkeltsaker og større prosjekt. Dei hjelper og med kompetanseheving og utvikling av arkivplan, ordning av gammalt arkiv mm. For dette betalar Fedje kommune ca. 160 000 kroner i året. Av dette er eigartilskot ca. 100 000 kr, medan resten er depotavgift for papirdepot og e-depot. Her forventar me nye årlege utgifter knytt til innsynsløysing gamle datasystem.

I løpet av hausten 2022 starta det opp ei rekkje prosjekt som arkivansvarleg er med i. Det er byrja eit større prosjekt med ein bevarings- og kassasjonsplan for digitale system. Dette må alle kommunar ha som ein del av sin arkivplan. Me har byrja prosessen med å innføre Documaster, som skal vere ein felles arkivkjerne for alle fagsystema som me har. Dessutan er sakshandsamingssystemet, som i dag er Websak, ute på anbod.

Arbeidet er planlagt ferdig i løpet av 2023.

Skjenkekontroll - Fedje kommune har saman med dei andre kommunane i Nordhordland hatt ein avtale med Lindås og seinare Alver kommune om skjenkekontroll sidan 1997. Avtalen er utdatert, og samarbeidet har ikkje fungert sidan pandemien i 2020. Rådmannsutvalet har bedt om at det vert innhenta anbod for å kjøpe skjenkekontroll frå private tilbydarar i fellesskap. Dette arbeidet var avslutta sommaren 2022. Alver kommune sa opp avtalen med dei som utførte skjenkekontroll frå oktober 2022. Det er Securitas Norge som fekk anbodet som var utlyst. Fedje kommune har valt å gå for si eiga ordning fordi me vurderer det som den beste og rimelegaste løysinga.

Lærlingar – Fedje kommune har to læreplassar, men hadde i 2022 berre ein helsefagarbeidarlærling.

Arbeidsmiljø - Det overordna samarbeidet med verneomboda er godt. Me lagar årleg plan for førebyggjande arbeid som me saman føl opp. Kommunedirektøren er leiar i Arbeidsmiljøutvalet frå mai 2022 til mai 2024. Personalsjef fekk permisjon frå april 2022 (og sa opp i januar 2023), og det viste seg vanskeleg å skaffe vikar. Det blei difor tilsett ein HR rådgjevar/leiar for kultur og oppgåvene nytt til personalsjefrolla/ansvaret blei lagt til kommunedirektøren. Dette har gjort at arbeidsmiljøet ikkje er blitt følgt opp slik som planlagt.

Følgjande førebyggjande tiltak er gjennomført i 2022:

- Vernerunde barnehage, sjukeheim og skule
- Medarbeidarsamtalar i dei fleste einingar før 01.06. Dette gjeld ikkje skulen grunna sjukefråvær
- Gjennomført førstehjelpskurs i skule/brannvern. Det har ikkje blitt gjort i barnehagen i 2022
- Opplæring i avvikssystem i einingane, og innføring av elektronisk avvikssystem (Netpower, lansert januar 22)
- Avklaring av rutinar for akutthjelp/first responder
- Oppfølging av langvarige sjukefråvær av personalleiarar. Gjennomført to funksjonsvurderingar og ein arbeidsplassvurdering saman med bedriftshelseteneste.
- Ein del planlagde tiltak vart ikkje gjennomført pga. manglande kapasitet grunna vakanse.

Planlagde og iverksette tiltak for å sikre ein høg etisk standard.

Det er ei grunnfesta haldning at alle brukarar og tilsette skal bli møtte respektfullt. Det er lagt inn kontrollrutinar i rekneskap for å førebyggje misbruk. I personalsamlingar blir mellom anna dette halde høgt som ideal for å jobbe i Fedje kommune.

Teneste 1202 økonomiavdeling/1205 IKT

Om tenesta:

Økonomiavdeling i Fedje kommune består av løns- og rekneskapskontor, fakturering og fakturamottak. Her er det til saman 1,8 årsverk fordelt på 2 stillingar. Dette har vært ei 80 % stilling som økonomimedarbeider lønn og 100 % årsverk økonomisjef. Grunna oppgåver innan IKT er lønnsutgiftene til økonomisjefen fordelt 80 % under økonomiavdelinga og 20 % under IKT.

Nøkkeltal økonomikontoret:

3 112	Tal på innkomne fakturaer som blei importer eller skanna inn i økonomisystemet i 2022
2 913	Tal på faktura sendt ut frå økonomiavdelinga i 2022
700	Manuelle bilag vart ført i hovudbok
140	Fakturaer var det sendt ut purring/inkassovarsel på.
47	Purringar/inkassovarsel vart sendt vidare til oppfølging hjå inkassoselskapet

Det blei frå 01.01.22 utlyst vikariat og tilsett i stillinga som økonomimedarbeidar i fram til 30.06.22. Avtalen med Visma blei forlenga fram til og med mars 2022 for opplæring av vikar. Etter at vikariatet gjekk ut blei det arbeidd med å tilsette økonomirådgjevar i 100% stilling fast stilling. Det lukkast ikkje å få tilsett ny medarbeidar, og difor har økonomisjefen frå 01.07.22 utført det daglege arbeidd knytt til fakturamottak, fakturering og løn og anna.

Husbanken sin lån- og stønadsordningar, som består av handsaming av søknadar om start-/etableringslån, tilretteleggingstilskot og bustønad, er lagt til økonomisjefen. I 2022 var det handsama 5 saker som startlån – og utbetalt til saman 2 686 000 i startlån. I bustønad er det handsama over 25 søknadar, der 11 har fått varige vedtak om bustønad.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2022:	Status
Innføre bruk av e-bilag	
Få på plass mal og rutinar rundt tertialrapportering	

Økonomi

Økonomiavdelinga har eit meirforbruk på 4 % i 2022. Dette er knytt til konsulenttenester. Isolert sett var meirforbruket på konsulentbruk 97 % over budsjett, men dette er dekkja inn av vakant stilling som økonomirådgjevar sidan 01.07.22.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Økonomiavdelinga i Fedje kommune har i 2022 mangla 1 årsverk i eit halvt år. Som følge av dette har me sett oss naudsynt til å effektivisere mange av dei oppgåvene som har lagt til stillinga som

økonomimedarbeidar. Det er mellom anna innført elektronisk levering av timelister, fråvær- og ferielister, noko som flyttar ein del av arbeidsmengda frå økonomiavdelinga over på dei tilsette.

Fedje kommune er med styrking av økonomirådgjevarstilling i 100% betre rusta med tanke på arbeidsfordeling på økonomiavdelinga. Det vert lyst ut stilling på ny våren 2023. Når nye ruinar og ny tilsett er på plass, vil me være mindre sårbare på økonomifeltet, og kunne levere gode tenester internt og eksternt, mellom anna til politiske utval og revisjon.

Teneste 1205 IKT

Om tenesta:

IKT Nordhordland vart skipa i september 2011 etter ein vertskommunemodell, der Osterøy kommune er vertskommunen. Organisasjonen har ansvar for IKT-tenester til Fedje kommune og alle dei andre kommunane i Nordhordland – mellom anna brukarstøtte, teknisk drift, tryggleik, innkjøp og IKT-strategi. Pliktene organisasjonen har, er beskrivne og vert regulert gjennom ein tenesteleveringsavtale og ein avtale for handsaming av data mellom IKT Nordhordland og kvar einskild kommune.

Økonomisjefen er Fedje kommune sin kontaktperson inn mot IKT Nordhordland. Oppgåvene lagt til dette gjeldt mellom anna fyrstelinje support, ansvarleg for avtalar for mobil, telefoni, kommunikasjon, skrivarar og generelle lisensar. Feilretting og bestilling av IKT-utstyr ligg også under oppgåvene til økonomisjefen.

Informasjonstryggleik og personvern:

Det er krevjande for kommunane i IKTNH-samarbeidet og ha eit tilstrekkeleg godt internkontrollsystem for informasjonssikkerheit og personvern. Det er eit felles ønske om å løyse mest mogleg i fellesskap. Dette både for å få eit godt nok system, og gjere dette på ein ressurseffektiv måte. Difor vart det i 2022 tilsett ein prosjektleiar for IKT tryggleik i IKTNH. Kvar kommune måtte stilla med ein tryggleikskoordinator inn i IKT-samarbeidet. Denne fungerer som kommundirektøren sin operasjonelle ressurs i det som gjeldt internkontroll og informasjonstryggleik i kommunen. Oppgåvene består av mellom anna å legge til rette og sikre at:

- føresegner og rutinar etablert i kommunen vert følgt
- tryggingsrevisjonar og leiargjennomgang vert gjennomført
- det vert bygd opp og vedlikehaldet tryggleikskultur i kommunen
- det vert planlagt, gjennomført og evaluert tryggleiksøvingar rundt cybertryggleik

Økonomisjefen er Fedje kommune sin tryggleikskoordinator. Kommunedirektøren er tryggleiksansvarleg.

I 2022 vart det strøyma 16 møte direkte frå formannskaps- og kommunestyremøte på Fedje kommune si Facebook-side. Kvar strøyming hadde kring 20-30 sjåarar i snitt. Alle ligg tilgjengeleg i opptak på Fedje kommune si heimeside.

Tenestemål 2022:

Tenestemål 2021:	Status
Leverer trygge og gode løysningar til brukarane	
Utvida samarbeidet til å gjelde fleire kommunar	

Økonomi

Samla sett har IKT-tenester hatt eit meirforbruk på 7,4 % i 2022. Dette skuldast mellom noko høgare lisensar enn først budsjettert.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

IKTNH er eit solid selskap med god kompetanse på fleire områder. Dette har gjort dei attraktive for fleire kommunar enn berre oss i Nordhordland. Tenestetilbodet strekkjer seg no frå Austevoll i syd til Gulen i nord. Frå Fedje i vest til Aurland i aust.

Fokus på IKT-tryggleik har blitt eit viktigare punkt dei siste åra. Etter som fleire tenester vert digitalisert, set det krav til gode system som kan tåle angrep utanfrå. Ei eksempel på kor fryktelege galt det kan gå, ser me frå [dataangrepet på Østre Toten i 2021](#). I tida framover kjem datatryggleik og sikker pålogging til å være sentrale arbeidsområde i IKTNH.

Teneste 3250 tilrettelegging og bistand til næringslivet/ 3255 reiseliv

Om tenesta:

Det er ordførar og kommunedirektør som har ansvar for dette feltet. Ordførar er den som først og fremst kontaktar og blir kontakta av næringslivet.

Fedje kommune er i ei endring når det gjeld næring innan turisme. Det er fleire som etter kvart har bygd opp ulike overnattingstilbod. Aktørar som Feddie AS satsar og stort på reiseliv, og mellom anna har dei danna selskapet Fedje Island AS. Den maritime næringsrådet er eit bindeledd og eit viktig kontaktpunkt for samarbeid på tvers av aktør. Aktørane samarbeider med kommunen om revisjon av reiselivsplanen.

Mål i budsjettet

Fedje kommune skal legge til rette for ei best mogleg utvikling av dei private verksemdene på Fedje og etablering av nye verksemdar i kommunen.

Andre viktige tema

Fedje kommune har oppretta avtale med Fedje Landhandleri AS, som driftar turistinformasjon på vegne av kommunen. Fedje Landhandleri har og ansvar for å lage informasjonsmateriell i samarbeid med kommunen. Dei hentar inn opplysningane frå dei som driv næring innan turisme om tilbod, kontaktinformasjon og eventuelle opningstider. Kommunen (ordførar og kommunedirektør) deltar i møta til næringsrådet (ca. ein gong i månaden). Det er ein viktig arena for samarbeid mellom næringsliv og kommunen. Kommunen er oppteken av å legge best mogleg til rette for at næringslivet på Fedje skal ha best moglege kår.

Ansvar 1100 Kultur

Om ansvaret samla:

Biblioteket klart å halde fram med å utvikle seg som ein kulturarena og møteplass med mange og mangfaldige arrangement og prosjekt. Hausten 2022 vart det etablert «språkkafé» på biblioteket kvar måndag. Språkkafeen er godt besøkt – både av ukrainarane og av «Fedjefolket».

Arbeidet med å flytte ungdomsklubben frå det gamle posthuset og til nye lokalar i Rockeklubben har teke mykje tid og ressursar. Resultatet har blitt veldig bra. Ungdomsklubben er godt besøkt, og dei nye lokala fungerer veldig bra. Det er ein tilsett i 40% stilling som følg opp.

I sommarferien ga Fedje kommune alle born mellom 10 og 14 år moglegheit til å delta gratis på «Forskarfabrikken» sin sommarlab 2022 i Fleirbrukshallen. Sommarlab er eit fem-dagars forskarkurs for born som går på 4–6 trinn. På kurset lærte borna om naturvitskapen si spennande verd, og dei fekk gjere eksperiment med ekte forskarutstyr, bruke kreativiteten til å løyse morosame oppgåver og ha fysisk aktivitet ute kvar dag. Dette var eit populært tilbod til borna.

KOSTRA-tal kan hentast frå [Kulturtilbod \(ssb.no\)](https://ssb.no)

Om enkelte av tenestene:

Teneste 3700 bibliotek

Om tenesta:

Me har 50% stilling som biblioteksjef. Med unntak frå dei fyrste ti arbeidsdagane i 2022, hadde me vikar for biblioteksjef som var i fødselspermisjon.

Nøkkeltal	Fedje	Kostragruppe 05	Norge
	2022	2021	2021
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar (tal)	4,9	3,54	3,25
Utlån pr innbyggjar	5,5	2,71	2,8

Mål i budsjettet

Tenestemål 2022:	Status
Vidareutvikla biblioteket som ein open møteplass for debatt og aktivitetar, særleg retta mot barn og unge	

Økonomi

Biblioteket har dei siste åra søkt om og fått midlar til fleire prosjekt, og har midlar på fond. Dei held seg innafor budsjetttramma i 2022.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Biblioteket hadde i 2022 16 arrangement og har bl.a. gjennomført følgende aktiviteter:

- Skrivekurs for barn i samarbeid med kulturskulen
- Julespel for born i desember
- Sommarles. Ein lesekampanje retta mot 1.-7.klasse, kor Fedje har høg deltaking. Biblioteket har avslutningsfest for «sommarles» med loddtrekning. Kampanjen skapar stort engasjement, 2022 var det andre året me var med.
- Ungdom i sommarjobb på biblioteket
- Me starta i 2022 med språkkafé, eit tilbod som vert vidareført i 2023. Dette var midlar som biblioteket hadde fått til temakvelder som skulle fremma biblioteket som møteplass, men når flyktningane frå Ukraina kom vart det naturleg å laga ei språkkafé på biblioteket.



famileframsyning på biblioteket i desember

Andre viktige tema

Me samarbeider godt med biblioteka i gamle Nordhordland og Vestland Fylkeskommune. Me har også eit samarbeid med Bergen og andre kommunar i gamle Hordaland om filmatisk formidling som vart vidareført i 2022. Dette fekk me eksterne midlar til.

Teneste 3830 musikk- og kulturskule

Om tenesta:

Tenesta starta 2022 med 40% stilling som kulturskulerektor med undervisning. Frå 1. September 2022 vart stillinga som kulturskulerektor utvida til 60%. Det blei og brukt nokre midlar til innkjøp av kurs/noko meir lærekrefter. Kulturskulen har 27 elevar, på song og piano, samt avtale om dirigentteneste for Fedje korps (ca. 15 musikantar). Talet på elevar dobla seg i 2022.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2022:	Status
Halda fram med å ha tilbod både innan musikk, scene og kunst i Fedje kulturskule	

Kulturskulerektor fekk auka stillinga si frå 50% til 60%stilling, frå 01.09.2022.

10 frivillige lag og organisasjonar fekk til saman 110 000 kr i kulturmidlar for 2022.

Bruk av dugnadsfond i 2022:

Søkjar	Dugnad	Tildeling
Fedje landhandleri v/Reidar Bøen	Oppgradering ferjeleiet/Stenborg	7500 kr
Fedje idrettslag	Fiskefestival 2022	7000 kr
Sommartorget	Bidrag til salsboder	10 000 kr

Ansvar 2000 Levekår, førebygging og helse

Samla om ansvaret:

I 2022 har me hatt eit auka fokus på å samle dei ulike tenestene innan helse og omsorg til felles samlingar. Me ønskjer å dra nytta av kvarandre, og korleis styrkje oss på kva kompetanse den einkilde har. Me har faste møter der alle samlast kvar månad. Møta er kombinert med felles lunsj og fagleg innhald. Ved dette konkrete tiltaket er me no meir styrka, terskelen for kontakt er lågare, og me har gjennom dette arbeidet fått starta opp meir spissa tverrfagleg arbeid på tvers av profesjonane.

Om enkelte av tenestene:

Teneste 2320 førebygging – helsestasjon og skulehelseteneste

Om tenesta:

Fedje kommune kjøper helsesjukepleiarteneste frå Austrheim kommune. Helsestasjonen og skulehelsetenesta utgjer ei 40 % stilling. Frå mai 2021 fekk tenesta eit treårig tilskot gjennom helsedirektoratet til styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelsetenesta. Midlane gjer at Fedje i perioden 2021-2023 har helsesjukepleiar tre dagar i veka i staden for to.

Helsestasjonen jobbar førebyggjande og gjev teneste til alle born frå 0-5 år med faste oppsette konsultasjonar med helsesjukepleiar og helsestasjonslege, vaksinerer etter barnevaksinasjonsprogrammet og har oppfylging av born og føresette. Det var født fire born på Fedje i 2022.

Skulehelsetenesta er også ei førebyggjande teneste som vaksinerer etter barnevaksinasjonsprogrammet, gjev tilbod om helsesamtalar, har undervisning på ulike klassetrinn, gjev støttesamtalar med oppfylging av elevvar og føresette, og har open dør/drop in. Rett før sommarferien 2022 fekk skulehelsetenesta endeleg eige kontor på skulen. Dette gjer tenesta meir synleg, nærare og tilgjengeleg for elevane, og det skal vera lettare å ta kontakt. Helsesjukepleiar merkar auke i kontakt både frå elevvar og lærarar, og det opplevast lærerikt, meiningsfylt og utviklande å vera der det skjer.



Kontoret til skulehelsetenesta, nytt juni 2022.

Helsesjukepleiar har gjennom året hatt møter, kurs og samarbeid med helsestasjonslege, kommuneoverlege, jordmor, barnehage, skule, psykisk helse, kommunepsykolog, fysioterapeut, PPT, barnevern, flyktningkonsulent, NAV, og BUP. Nokre av møta og samarbeidet skjer etter faste og planlagde opsett og tider, andre etter behov.

I 2022 har helsesjukepleiar hatt tett samarbeid med flyktningkonsulent rundt oppgåvene som vart lagt under helsestasjonen ved mottak av flyktningar frå Ukraina.

I samarbeid med kommuneoverlege gjev helsesjukepleiar årleg tilbod til befolkninga på Fedje om influensavaksine og vaksine mot lungebetennelse. På grunn av koronarestriksjonar har desse vaksinedagane vore i Fleirbrukshallen dei siste to åra. I 2022 kunne me igjen bruke helsestasjonen sine lokale. Ekstra ressurspersonar vart med for å gjennomføre dette på ein trygg og god måte. I byrjinga på året samarbeida helsesjukepleiar og legekantoret om lister for koronavaksinering av innbyggjarane. I mars tok legekantoret over alt som har med koronavaksinering å gjere.

Saman med andre kommunar i regionen vart helsesjukepleiar i løpet av hausten 2022 med i prosjektgruppa som arbeida med anbod til nytt journalsystem for helsestasjon og skulehelseteneste. Eit særst læringsrikt men og tidskrevjande arbeid leia av IKT Nordhordland. Nytt EPJ system kjem på plass våren 2023.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2022	Status
Godt og vidareutviklande tverrfagleg samarbeid	
Rom/kontor til helsesjukepleiar på skulen	
Oppgradering av kontor og materiale på helsestasjonen	

Økonomi

Helsestasjon og skulehelsetenesta har halde seg innanfor budsjetttramma i 2022.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Helsestasjonen og skulehelsetenesta skal gje eit tilbod som er godt, nyttig, utviklande, tilgjengeleg og oppdatert. På Fedje er avstanden kort mellom dei ulike samarbeidsinstansane, og helsesjukepleiar ser positivt på å føre vidare og utvikle det tverrfagleg samarbeid som har vore internt i kommunen i 2022; saman kan me mykje. Samstundes er fagmiljøet på Fedje lite, og det er viktig med kompetanseheving utover kommunegrensa med moglegheit for å treffe andre som jobbar inn mot barn og unge.

Teneste 2411 fysioterapi

Om tenesta:

I fysioterapitenesta er det tilsett ein fysioterapeut i 100% stilling. I tenesta arbeidar ein tverrfagleg saman med helsesjukepleiar, ergoterapeut, lege, rus og psykisk helse, skule og pleie- og omsorg. Det pasientretta arbeidet er både med akutte og langvarige problemstillingar innanfor ortopedi, reumatologi, nevrologi og generelle muskel/skjelettsmerter. Det vært og utført rettleia trening for dei som ynskjer å komme i gang med styrketrening.

Fysioterapeuten har tilbod til innbyggjarane i bassenget kvar måndag. Bassenget vert oppvarma til 32°C, og føremålet med treninga er førebygginga av muskel- og skjelettsmerter, i tillegg til å oppretthalde bevegelse og generell fysisk form. Annankvar onsdag er det trim for barn i aldersgruppa 0-6 år i Fleirbrukshallen. Der er det tilrettelagt for leik og moro, samt at borna skal få betre motorisk læring og utvikling.

Koordinerande eining er no endra til koordinerande team/forvaltningskontor som består av fysioterapeut, psykisk helse, ergoterapeut og pleie og omsorg. Tenesta ligg framleis organisert under fysioterapitenesta, men er styrka med at ein ser på søknadar i fellesskap og får ein tverrfagleg vurdering som skal bidra til glidande koordinerte tenester i praksis. Dette er ei organisering som er framleis under utgreiing, og ei satsing i utdanninga der fleire einingar er med på «Det gode pasientforløp».

Mål i budsjettet

Tenestemål for 2022	Status
Oppstart av kvardagsrehabilitering	
Ha ein oppdatert plan for habilitering og rehabilitering	

Økonomi

Fysioterapitenesta har halde seg innanfor budsjetttramma i 2022. Til tross for at stillinga var vakant frå juni til oktober, fekk fysioterapeuten inn målet for brukarbetalingar etter oktober månad. Det same gjeld refusjonar frå Helfo.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Fysioterapeuten har deltatt i det tverrfaglege arbeidet i «Det gode pasientforløp»

Andre viktige tema

I oktober vart det lagt ned eit større arbeid med å bytte journalsystem i fysioterapitenesta. Dette blei gjort for å få betre rutine med å sende inn refusjon til Helfo, samt å få betre dialog med dei andre profesjonane på tvers i kommunen.

Kommunalt hjelpemiddellager:

Hjelpemiddellageret er flytta til nye lokalar i Kalvedalen, og det er utarbeidd nye rutinar med arbeidsoppgåver til kvar enkelt profesjon.

Ansvar 2100 Skule

Om ansvaret samla:

Skulen på Fedje er delt i fire område; grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæringa og den kulturelle skulesekken. Til saman har me 16,3 årsverk knytt til skulen og skulefritidsordninga. I tillegg kjem 1,6 årsverk til reinhald av skule og symjehall.



I skuleåret 2022/2023 er det 15 elevar ved vaksenopplæringa.

Ansvaret for Pedagogisk-psykologisk teneste ligg og til skulen. Fensfjorden PPT er eit interkommunalt samarbeid mellom Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden, med Austrheim kommune som vertskommune. Samarbeidet blei oppretta i 2021. PPT omfattar tenester til born, unge og vaksne i Fedje kommune. Logopedtenesta i kommunen er knytt til PPT.

I tillegg kjem ansvaret inn mot Nordhordland Kompetanseregion (NKR). NKR er eit samarbeidsorgan for oppvekstsektoren i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Alver.

Om enkelte av tenestene:

Teneste 2020 grunnskule

Om tenesta:

Skuleåret 22/23 starta me med 57 elevar fordelt på 6 aldersblanda grupper, med ein kontaktlærer i kvar gruppe. I 8.-9. klasse er det to kontaktlærarar som deler gruppa mellom seg. Dette heng saman med fjoråret då det var to kontaktlærarar i same gruppe. Delar av året har det likevel berre vore ein kontaktlærer grunna permisjonar.

I løpet av året kom det fleire elevar, i hovudsak elevar frå Ukraina. No er elevtalet 62.



Overgangen frå fulldelt til fådelt skule har gitt fleire positive effektar, mellom anna gode og stabile lærings- og klasse miljø. Elevane er glad for å ha fleire klassekameratar, og mange opplever samanslåinga som positivt for læringsmiljøet. For å ha kontinuitet i samansetjinga av elevgruppene er det ønskeleg å halde på denne inndelinga framover.



Tal frå grunnskulen på Fedje og Fedje barnehage

Grunnskulen på Fedje ligg no på nasjonalt nivå når det gjeld prosentdelen elevlar som får spesialundervisning, sjølv om tildelte timar ligg noko over gjennomsnittet. Dette er ei ønska utvikling - frå spesialundervisning til auka grad av tilpassa undervisning. Gruppestorleiken er diverre låg, noko som påverkar netto driftsutgifter til grunnskulesektoren. Samstundes ser ein at Fedje kommune satsar på grunnskulen. Det er gledeleg og viktig for å være ein attraktiv kommune.



Symjeopplæring ungdomsskolen, april

Mål i budsjettet

Tenestemål 2022:	Status
Fagleg: Utvikling av samanhengande årsplanar i alle fag frå 1-10.klasse.	*
Sosialt: Halde fram arbeidet med å skape eit trygt og godt læringsmiljø for elevane, med fokus på fellesskap og samarbeid.	**
Organisasjon: Bygge opp eit ressursteam som jobbar både på system- og individnivå, med å utvikle den ordinære undervisninga, spesialundervisninga og eit godt psykososialt skulemiljø for elevane.	***

* I faga norsk, engelsk og matematikk har me gjennomgåande planar frå 1-10 klasse. Det står att å oppdatere og kvalitetssikre planane i dei andre faga.



Ungdomsskulen på skitur til dagsturhytta

** For Fedje skule syner resultatata frå elevundersøkinga som vart gjennomført i oktober 2022 at me har eit forbetningspotensiale. Sakene me har handsama som gjeld elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø visar at me kan bli betre. Tala syner at trivselen på skulen er gått noko ned, men at tal elevar som opplever at dei vert mobba er stabilt låge. Det er få elevar som melder at dei er med på å mobbe andre.

Dei to siste skuleåra har skulen motteke fem varsel om elevar som opplever at dei ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Varsla er komen frå elevar, lærarar og føresette. Alle sakane vart undersøkt og følgt opp.

Tiltaka som vert sett inn er både på system-, gruppe- og individnivå. Dette skuleåret har vi ein sosiallærer i 10% stilling som skal jobbe med det psykososiale miljøet i elevgruppa. Stillinga er finansiert gjennom tilskot frå BUFDIR. I tillegg er det sett inn fleire timar med fagarbeidar som styrking av Replacement Training i ei av elevgruppene våre. Tiltaka på gruppe- og individnivå er utarbeidd i samarbeid med eleven og heimen, og er tilpassa dei måla som vert sett for handlingsplanen.

*** Ressursteamet i kommunen, som er leia av rektor og styrar i barnehagen, jobbar system- og individretta på alle nivå. Dei som er med i ressursteamet er barnevernstenesta, PPT, skulehelsetenesta og kommunepsykolog (vi har ikkje kommunepsykolog i 2022). Andre fagpersonar

kan verte kalla inn t.d. lege, fysioterapeut og liknande. Hausten 2022 fekk helsesjukepleiar kontor på skulen, og kan ha «ei ope dør» til fast tid på skulen. Dette er eit lågterskeltilbod som er mykje brukt.

Økonomi

Grunnskulen har eit underforbruk på kr. 180 000,-. Det kan mellom anna forklarast med at skulen får 45.000,- pr flyktning i tilskot til norskopplæring. Utgiftene til løn for lærarar og fagarbeidarar vart høgare enn budsjettert. Dette skuldast mellom anna utgifter til bruk av vikarar og høg bruk av overtid. Det har vært høgt sjukefråvær i 2022, og det har vært vanskeleg å skaffe vikarar, så bruk av overtid har vært ei løysing som me måtte bruke for å sørge for eit forsvarleg tilbod til elevane. Det har og vært fleire avvik knytt til manglande undervisning fordi lærar har vært sjuk.

Nokre av lønsutgiftene må sjåast i samanheng med inntekter som frikjøp hovudtillitsvalt, studiefrikjøp, lærarspesialistordning og andre tilskot frå Statsforvaltaren.

Utgiftene til undervisningsmateriell er noko lågare enn budsjettert, medan utgiftene til lisensar er noko høgare enn budsjettert. Dette har samanheng med ei større vektlegging av digitale læremiddel. Samstundes ser me at det er vanskeleg å få tak i nye lærebøker, tilpassa nye læreplanar, på nynorsk.



Mellomtrinnet på julefest, desember

Grunnskulen har søkt, og fått tildelt, fleire tilskot i 2022. Tilskot til prosjektet «Los» på til saman 800 000,- er fordelt over tre år. Av dei vart 270 000,- utbetalt i 2021, noko som har finansiert at ein har kunne styrka vaksentettleiken i enkelte elevgrupper, og det har finansiert ei sosiallærarstilling på 10%.

Fedje skule fekk og være med i utdanningsdirektoratet si satsing for å auke det faglege nivået i skulen. Skulen fekk 250 000,- av direktoratet over tre år. I 2022 har NLA vært rettleiar for forprosjektfasen. Dei to neste åra skal brukast på sjølve prosjektet. Tema for hovudprosjektet vil være «Organisering av Fedje skule for best mogleg læring».

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Skulen har fått tilskot til fleire fleirårige utviklingsarbeid dei siste åra, der det eine er «inkluderande barnehage- og skulemiljø».

Tenestemål 2021-2024	Status
I tett samarbeid med barnehagen, skal skulen oppretthalde og vidareutvikle kunnskapen vår om å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Me skal samarbeide om å byggje eit inkluderande miljø for born og unge på Fedje	

Barnehagen og skulen samarbeider svært godt om dette målet. Me har gjennomført felles planleggingsdag med tema inkluderande barnehage- og skulemiljø. Me deltok på nasjonale og regionale samlingar som gav auka kompetanse til einingsleiarane og til pedagogisk personale i både barnehagen og på skulen.

«Los for ungdom» er det andre utviklingsarbeidet vårt. Det er eit treårig prosjekt som skal vera med og hjelpe dei elevane som slit med å komme på skulen, og som dermed kan få vanskar med å gjennomføre grunnskule- og vidaregåande opplæring. Sosiallærarstillinga er ein del av dette prosjektet. I 2022 vert prosjektet utvida med ein 50% prosjektstilling som skal vera knytt til skulen og til lokalmiljøet.

Fedje skule har starta opp med plan for førebygging av born og unge. Dette arbeidet er knytt til barnevernreforma og ny lov om barnevern. Skulen har ein sentral og viktig plass i dette arbeidet.

Tenestemål 2021-2024	Status
Sikre ei kontinuerleg utvikling av den einkilde tilsette sin faglege kompetanse for å skape gode resultat over tid.	

Skulen treng å få auka fagkompetansen i norsk for ungdomstrinnet, og innafør spesialpedagogikk. Kompetanseløftet innan spesialpedagogikk vert innført frå 2025. Gjennom Fensfjorden PPT si satsing på dette vil me kunne auka vår kompetanse innan spesialundervisning, men målet er og at me skal få ein lærar med vidareutdanning innan spesialundervisning.

Andre viktige tema

For skulen er det svært viktig at ein får auka barnetalet i kommunen, og at ein dermed får auka elevtalet ved skulen. Vi har hatt noko tilflytting siste året og mottak av flyktningar hausten 2022 har gjort at tal born i skulen er aukande.



Teneste 2130 vaksenopplæring

Om tenesta:

Vaksenopplæringa i kommunen skal tilby opplæring i norsk og samfunnsfag for minoritetsspråklege elevar og grunnskuleopplæring for vaksne. Våren 2022 hadde vaksenopplæringa ingen elevar. Om hausten kom flyktningane frå Ukraina, og det vart etablert vaksenopplæring i Hjertebanken. Det var knytt ei 50% lærarstilling til vaksenopplæringa.

Økonomi

Fedje kommune har hatt vaksenopplæring for ukrainske flyktningar hausten 2022. Det var ikkje satt av midlar i budsjettet for 2022 til dette. Staten bidreg med 45.000,- pr flyktning i norskopplæring. Det er ei spesiell ordning for dei ukrainske flyktningane at dette berre skal gjelde for eit år (andre flyktningar har tre år). Kommunen fekk overført 460' inklusiv momskompensasjon frå staten. Det blei brukt 362' på vaksenopplæringa i 2022. Det meste av utgiftene gjeld undervisningsmateriell og løn til lærar.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Vaksenopplæringa i Alver, Osterøy og Austrheim deltek i kompetanseheving gjennom VOKSKOMP i regi av Nordhordland kompetanseregion. Fedje deltek i dette samarbeidet når me har elevar ved vaksenopplæringa.

Teneste 2150 skulefritidsordning

Om tenesta:

Skulefritidsordninga (SFO) er eit ikkje-pedagogisk tilbod før og etter skuletid til born frå 1. til 4. klasse, og for born med spesielle behov frå 1. til 7. klasse. I den nye rammeplanen frå skulefritidsordninga heiter det:



«Barndommen har sin egenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det gis rik mulighet for meningsfull fritid og lek».

SFO heldt for det meste til i skulen sine lokale, og nyttar uteareala ved skulen. Dei tilsette lagar månadsplanar med mange kjekke aktivitetar for elevane. Frå og med august -22 har det i all hovudsak vore to tilsette som jobbar på SFO, noko som skapar stabilitet og trygge rammar for elevane. Då det fleire dagar i veka har vore over tolv elevar på SFO har ein måtte auke bemanninga dei dagane til to vaksne. Elles er det ein vaksen på SFO. Hausten 2022 fekk ein ukrainsk flyktning ei lita, midlertidig stilling på SFO. Dette er nyttig når dei yngste ukrainske flyktningane deltar på SFO, og me er sær s nøgd med ordninga.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2021	Status
Sosialt: Halde fram arbeidet med å skape eit trygt og godt læringsmiljø for elevane, med fokus på fellesskap og samarbeid.	

Auka aktivitetstilbod, stabilitet i bemanninga og auka elevtal har gjort at skulefritidsordninga har god måloppnåing i 2022.

Økonomi

Lønsutgiftene har gått ned i 2022. Brukarbetalinga har og gått opp. Likevel går SFO i minus i 2022. Når vi ser på tala for 2021 så er det likevel ein betring. Overforbruket i 2021 var på 341' og i 2022 låg det på 183'. Dette forklarast med at våren 2021 var det var behov for fleire vaksne på SFO. Difor auka utgiftene til løn i 2021.

I 2022 reduserte me bemanninga. Det vart ei auke i brukarbetaling, men færre born nytta SFO.

Skuleåret 21/22 var det svært mange born på SFO – opp til 18 born om torsdagane, og mellom 7-12 dei andre dagane. (Hausten 21 og våren 22).

Hausten 22 (skuleåret 22/23) er det færre born som brukar SFO. Maks tal er 12 den eine dagen, og det varierer mellom 6-11 dei andre dagane.

Diverre ser me no at fleire born fell frå SFO. Dei reduserer plassen sin gjerne til berre 1-2 dagar, og dette er elevar som tidlegare gjerne gjekk 5 dagar i veka på SFO.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

I juni 2021 kom det ny rammeplan for skulefritidsordninga. Dei tilsette i skulen og føresette har fått innføring i denne planen, men me må jobbe meir med å implementere planen hjå oss.

Me vil framleis sjå på organiseringa av SFO. Me er sårbare i høve det å få kvalifiserte vikarar inn ved sjukdom, og eit nærare samarbeid med barnehagen vil kunne gje gevinst både når det gjeld kvalitet i tenesta, bemanning og økonomisk innsparing.



Ansvar 2200 Barnehage

Teneste 2010 barnehage

Om tenesta:

Barnehagen har hatt fleire bemanningstilpassingar dei siste åra, og i oppstarten av 2022 var me framleis midt i ei midlertidig løysing, med mellombelse omplasseringar av tilsette. 2022 var året der me merka ei positiv endring i barnetalet, og me måtte starte med ei oppbemanning i barnehagen. Me gjekk inn i 2022 med 14 barn og ved slutten av kalenderåret visste me at ved oppstart 2023 ville talet ha gått opp til 20.

Dette har vore ei kjempepositiv utvikling både for barnehagen og for det litle lokalsamfunnet vårt.

Barnehagen har derfor hatt varierende bemanning gjennom året, og har følgd vedtektene til barnehagen, som seier at me skal tilpasse bemanning etter barnetalet. Me følgjer bemanning – og pedagognorm og heldt oss alltid innafor dei

anbefalte normene. Ved utgangen av 2022 hadde barnehagen ei grunnbemanning på 4,8 årsverk og 0,8 årsverk styrar og barnehagefagleg ansvarleg.

Rekruttering er utfordrande i distriktet, og me ser at dette kan by på utfordringar dersom barnehagen må oppbemanne meir. Me har vore veldig heldig i dei prosessane me har hatt, og klart å

få tak i dei tilsette me har trengt i forhold til barnetalet. Alle som har søkt om barnehageplass, har fått tilbod om plass. Barnehagen har fleire opptak gjennom året, og når det nærmar seg søknadsdato kjem det alltid informasjon om dette på kommunens heimesider.

Barnehagen har to avdelingar, Sønnavind (0-3 år) og Nordavind (3-6 år). Kvar avdeling har ein barnehagelærer som avdelingsleiar, og det er dei som leiar det pedagogiske arbeidet og sørgjer for at barnehagelova og rammeplanane blir oppfylt gjennom det pedagogiske arbeidet. Avdelingsleiarane planlegg, gjennomfører, dokumenterer, vurderer og utviklar arbeidet i barnegruppa.

Det vert utarbeida ny årsplan for barnehagen kvart år. Årsplanen byggjer på rammeplanen som er ei forskrift til barnehagelova. Planen seier korleis barnehagen arbeidar med ulike områder som til dømes lek, omsorg, danning, læring og korleis me legg til rette for at fagområda blir arbeida med gjennom barnehagekvardagen.

Mål i budsjettet:

Tenestemål 2022	Status
Dei tilsette skal få meir kunnskap om arbeid med digitale verktøy som støttar borna sine uttrykksformer, læring og utvikling.	*
Barnehagen skal oppretthalde og utvikle det tette samarbeidet med skulen.	**
Borna skal få god språkstimulering gjennom heile barnehagekvardagen, og alle born skal få delta i aktivitetar som fremmar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling.	***

* Barnehagen har kjøpt inn ulike materiale som borna kan nytta i arbeid med digitale verktøy. Tilsette har gjort seg kjend med materialet, men me ynskjer framleis å utvide verktøy å nytta og samstundes auke kompetansen til tilsette.

** Barnehagen har halde fram med tett samarbeid med skulen. Borna som skal starte på skulen har delteke på uteskule og elles vore invitert til ulike arrangement på skulen. Barnehagen har også fått besøk av 1.klasse, og uteskule har delteke på aktivitetar i barnehagen. På denne måten vil overgangen frå barnehage til skule bli lettare for dei eldste borna, då dei vil kjenne born og lærarar dei vil treffe på skulen.

*** Alle borna deltek i aktivitetar som fremmar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling. Gjennom felles kurs i språkstimulering har dei tilsette ein felles arbeidsmetode som gjer at borna møter det gjennom planlagde aktivitetar, men også spontant gjennom barnehagekvardagen.

Økonomi

Barnehagen har hatt noko høgare utgifter på overtid, men mykje er tatt frå kompetansemidlar eller fått att i andre refusjonar. I året som har gått har barnehage og skule leigd inn ulike foredragshaldarar i samband med samarbeidsprosjektet «inkluderande barnehage – og skulemiljø», som me også får att frå midlar.

Barnehagen søkte og mottek midlar til symjing, også i 2022, og har jamleg vore i bassenget med borna på stor avdeling.

Me ser at kostpengane som brukarane betalar ikkje klarar å dekke utgifter knytt til alle måltid, og at ein må vurdere om ein må auke eller om ein vil redusere mattilbodet slik det er no. Det blir no servert tre måltid for dagen, frukost, lunsj og frukt. Det er smørrelunsj med variert utval pålegg, brød

og knekkebrød. Ein dag i veka blir det servert varm mat, det gjer ein også når det er bursdag og elles andre markeringar i barnehagen som til dømes barnehagedagen, karneval, FN – dagen og liknande.

Det vart sommarstengt barnehage også i 2022. Me trengte derfor å ta inn minimalt med vikar, og klarte å gjennomføre ein stabil og variert sommarbarnehage med faste tilsette dei vekene barnehagen var open.

Barnehagen har hatt god økonomistyring gjennom året, og heldt seg innafor budsjettet.



Tenesteutvikling og kompetanseheving

Barnehagen har hatt dei siste regionale og nasjonale samlingane gjennom Utdanningsforbundet sitt kompetanseutviklingstiltak «inkluderande barnehage – og skulemiljø» i 2022. Arbeidet med implementering er allereie i gang, og vil vere ein viktig del av 2023.

Mange av dei tilsette er kursa i «Dei utrulege åra», og me har arbeidd med implementering dei siste åra. På slutten av 2022 gjekk barnehagen inn i eit samarbeid med «DUÅ Fensfjorden», der fleire kommunar samarbeider om arbeidet internt i kommunane. Det er jamlege møter, og det er under planlegging av nytt DUÅ – kurs hausten 2023 for dei som ikkje har tatt det tidlegare.

Andre viktige tema

Me ser at barnetalet i barnehagen aukar, og me håpar at dette er noko som vil halde fram. Me må ta med oss vidare at barnehagen kanskje, etter kvart, vil trenge å ta i bruk heile lokalet, og må gjere endringar som tilpassar bruken.

Ansvar 2300 Pleie og omsorg

Om ansvaret samla:

Området omfattar

- ~21 årsverk fordelt på 38 tilsette
- Sjukeheim, inkludert langtids-, korttids-, avlastnings- og dagopphald, heimesjukepleie, kjøkken og vaskeri/reinhald
- Praktisk bistand i form av heimehjelp og matombringing
- Tenester til menneske med psykisk utviklingshemming (PU)
- Tenester for rus og psykisk helse
- Dagaktivitetstilbod for heimebuande demente
- Aktivisering og servicetenester for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Tenesta skal gje eit variert pleie- og omsorgstilbod av høg kvalitet innanfor ramma av gjeldande lovverk, tilpassa den enkelte brukar sin sjukdom, behov og livssituasjon, med fokus på livskvalitet, aktivitet, trivsel, respekt og medbestemming.

Om enkelte av tenestene:

Teneste 2530 helse og omsorg i institusjon/2531 pleie og omsorg i institusjon

Om tenesta:

Sjukefråvær og dårleg tilgang på vikarar er fortsett ei stor belastning for pleie og omsorg. Belastninga med sjukefråvær vert opplevd som høg. Store delar av fråværet må bemannast på bakteppe av fagleg forsvarleg stand. Det førar til mykje overtid og høge ekstrakostnader. Sidan det er så lite tilgang til vikarar, må ein ty til vikarbyrå som gir forsvarleg bemanning til svært høge utgifter. Situasjonen rundt sjukepleiarbemanning er ekstremt kritisk, og vert løyst med hjelp av sjukepleiarar som strekkar seg ekstra langt, slik at det er 100% beredskap.

Tross bemanningsutfordringar gjennom året har personalet stått på og gjort sitt beste for at ting skal gå rundt. Både dei fast tilsette og vikarar har gitt alt for at brukarane og pårørande fekk gode meningsfulle dagar og fine opplevingar. Det er behov for ein omorganisering, men er vanskeleg å gjennomføre når ein ikkje har tilstrekkeleg arbeidskraft.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2022	Status
Det er oppnådd en stabil personalsituasjon for å kunne yte gode tenester.	
Personalet har god kunnskap og verktøy til å handtere vald og trugslar om vald og bruk av tvang.	

Økonomi

Ansvarsområde 2530 administrasjon hadde eit meirforbruk på kr. 214 000,- grunna meirarbeid knytt til forsvarleg drift på sjukeheimen i form av beredskapsvaktar med utrykk.

Ansvarsområde 2531 hadde eit meirforbruk på kr. 2 200 000,-. Dårlig grunnbemanning med vanskar til å skaffe vikarar er tydeleg å sjå i rekneskapen. Faste lønnskostnader ligg nesten innafor budsjett, men det er eit mykje større forbruk til innleige av vikar, blant anna for bruk av vikarbyrå. Vi har brukt kr 1,1 mill. meir til ferie-, sjuke- og permisjonsvikar, ekstrahjelp og overtid. I tillegg kjem kr. 340 000,- i bonusordning for sjukepleiar som var budsjettetert med mykje mindre, og kr. 370 000,- for vikarbyrået, som det ikkje var budsjettetert for. Samstundes har vi fått kr.600 000,- meir i sjukelønsrefusjon enn budsjettetert.

Legevaktordninga til sjukeheim kunne ikkje budsjetterast for då vi ikkje hadde underliggjande fakta. For 2022 brukte vi kr. 109 000,- for legevaktordninga på sjukeheimen og minimalt til konsultasjon av spesialisthelsetenesta for sjukeheimsbebuarane.

Kr. 210 000,- er ført i rekneskap 2022 for innkjøp av utstyr som eigentleg skulle ha kome i 2021, og skulle vert ført i rekneskapsåret 2021. Samstundes hadde vi meir inntekter på brukarbetalingar på kr. 400 000,-.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Sjukepleiekompetanse er vanskeleg å rekruttere. Ein av våre helsefagarbeidar held på å etterutdanne seg til sjukepleiar, og vil vera ferdig i 2023/2024. Det var fleire som var interesserte i desentralisert sjukepleiarutdanning, men dei trakk seg sidan studium og kvardagslivet var vanskeleg å kombinere.

Kompetanseplanen er delvis fullført. Planlagde kompetansehevande tiltak kunne berre delvis gjennomførast då forsvarleg drift av tenesta har hatt prioritet. Det er tatt høgde for desse tiltaka i kompetanseplanen for 2023 og i dei neste åra.

Det er begynt ein prosess for å få til ei tenesteutvikling for rekrutteringsvanskar, og at vi på sikt ikkje vert fleire hender. Mykje vert gjort etter gamle vaner. Vi ser at det er vanskeleg å jobbe med forbetringar og endringar når personalsituasjonen er såpass pressa og personalet er utslått. Vi jobbar med å lage ein plan for korleis vi kan jobbe med forbetringar på ein god måte for alle parter.

Kommunen er med i læringsnettverk Gode pasientforløp, saman med alle andre Vestlandskommunar. I arbeidsgruppa jobbar vi tverrfagleg med å forbetre pasientforløpet frå dei anten søker om tenesta eller kjem heim frå sjukehuset til tenester vert avslutta. Hovudfokus i arbeidet er brukarmedverknad og god flyt i overgangar, både i kommunen og mellom kommune og spesialisthelseteneste.

Andre viktige tema

Tilskotsordning for sårbare eldre vert avslutta. Tilskotsordning var tredelt og vi gjennomførte to ordningar. Tilskotsordning for å motverke einsemd skulle få heimebuande til meir sosialt samvær ved hjelp av ein besøksven. Planen var at ungdommar kunne hjelpe dei som hadde behov med små ærend. Diverre vart ikkje ordninga nytta så godt som vi hadde håpa på. Tilskotsordning for aktivitetstiltak og besøksvert vart brukt til å lage ein sansehage knytt til sjukeheimen. Planen er å få brukt drivhuset og uteområde meir aktivt, til å kunne aktivisere dei på sjukeheimen meir òg ved dårleg vêr i form av innkjøp av ein stor dataskjerm. Skjermen kjem godt med når folk syklar, ser på TV, ser på kyrkjeoverføring og speler med appen. I uteområde har vi fått eit høgt bed, sånn at det vert lettare for dei eldste å kunne stelle med blomar om dei ynskjer det. Samtidig vert alle blomar som skal plantast etter kvart mykje meir synleg for alle, ikkje minst dei som står i pyntebåten vår. Pergolaen er klar til innsats, no må me berre sette inn utemøblar. Einaste tingen me ikkje har fått til, som hadde gjort sansehagen til ein trygg uteplass for alle våre bebuarane, er eit gjerde.



Vårt nye blomsterbed



Kvalitetsforbedringsarbeid

Teneste 2543 tiltak psykisk utviklingshemma

Om tenesta:

Tenesta er ikkje aktiv sidan mars 2022, då me ikkje har brukar i tenesta.

Mål i budsjettet

Økonomi

Mindre forbruk på kr. 1 756 000,- då me ikkje hadde brukar frå tidleg i året, og personalet vart omplassert. Samtidig har me fått tilskot for særleg ressurskrevjande tenester for 2021 på kr. 842 000,-.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Personal frå tenesteområde vart omplassert til sjukeheimen.

Andre viktige tema

Teneste 2541 praktisk bistand

Om tenesta:

Praktisk bistand: 0,65 årsverk, men tal brukar og innvilga vedtakstimar er ikkje utfyllande. Resttid vart brukt på sjukeheimen der det var behov.

Økonomi

Praktisk bistand: Meirforbruk på kr. 50 000,-, da det var lågare inntekter enn forventa, og litt høgare lønnskostnader.

Teneste 2542 heimesjukepleie

Om tenesta:

Heimesjukepleie: Heimesjukepleie vert betjent gjennom sjukeheimspersonell. Då vil kvar utfordring på sjukeheimen óg delvis ramme heimesjukepleie.

Mål i budsjettet

Sjå under 2530/2531. Heimesjukepleie har ingen eigenståande mål.

Økonomi

Heimesjukepleie: Sjølv om heimesjukepleie har eiga budsjett/rekneskap, vil det ikkje vera mogleg å skilje mellom sjukeheim og heimesjukepleie økonomisk sett. Heimesjukepleie hadde eit mindre forbruk på kr. 200 000,-. Grunnlaget for personale sjukeheim versus heimesjukepleie er endra. Alle som går ut i heimesjukepleie vert ført med 20 % stilling under heimesjukepleie og resten av stillinga under sjukeheim. Variabel lønn vert i hovudsak ført under sjukeheim. Det kan forklare ein visst skeivfordeling mellom budsjett og rekneskap.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Sjå under 2530/2531. Ingen eigenståande kompetanseheving for heimesjukepleie.

Teneste 2340 Aktivisering og servicetenester for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Om tenesta:

Nokon tenester er vanskeleg å plassere. Dei høyrar eigentleg innunder eit fast område, men grunna KOSTRA-føringar må dei leggjast under andre områder. Matombringning og arbeidskøyning er såne tenesta.

Matombringning er ei teneste der utgifter er plassert til sjukeheimen 2531, men etter KOSTRA-reglar skal inntekter for matombringning ligge under KOSTRA-område 234. Difor vert inntektene ført under psykisk helse 2341, sjølv om det kan opplevast feil. Frå 2023 vert inntekter for matombringning ført under 2340.

Arbeidskøyning er ein teneste for personar med ulike funksjonshemningar som kan vera i arbeid, men som må ha hjelp til å komme seg fram. Til sommaren låg ansvaret for tenesta til fylkeskommunen. Nå er ansvaret lagt til kommunen. Sidan omorganiseringa kom så seint i året, er den ikkje budsjettet for.

Teneste 2341 rus og psykisk helse/2534 dagsenter

Om tenesta:

I rus og psykisk helse kan ein komme på aktivitets kafé, småbarnstreff, eller drop – in. I tillegg kan ein avtale individuell samtaler og oppfølging om ein ønskjer dette. Tenesta har også ansvar for å organisere og rekruttere støttekontaktar. I tenesta arbeider det psykiatrisk sjukepleiar, ein ruskonsulent og miljøarbeidar. Det er til saman 1,6 årsverk. På bakgrunn av at psykiatrisk sjukepleiar har permisjon i frå 0,4 årsverk er tilbodet på dagaktivitetstilbod for heimebuande demente flytta til sjukeheimen.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2022	Status
Tilbodet til rus og psykisk helse og dagaktivitetstilbod for heimebuande demente er godt kjent blant innbyggjarane.	
Brukarmedverknad er godt forankra i tenestetilbodet.	
Handlingsplan for rus og psykisk helse vert ferdig stilt.	

Økonomi

Eit mindreforbruk på kr. 200 000,- grunna meir inntekt og lågare lønsutgifter. Eigenbetalinga for matombringning til kommunen har vært registrert i rekneskap til rus og psykisk helse, men utgifta ligg til sjukeheimen. Dette er ordna for 2023.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

I løpet av 2022 har psykiatrisk sjukepleiar kvalifisert og sertifisert seg som VIVAT kursleiar. Kurset gir kompetanse til å oppdage signal på sjølv mordstankar og gje førstehjelp ved sjølv mordsfare. Ho held kurs saman med kvalifisert personell i nabokommunar på helsehuset i Knarvik, og det må vere to kurs kvart år for å oppretthalde sertifiseringa. Kursa er for ulike profesjonar i vår kommune, og gjer oss eit godt eigna verktøy i kvardagen som kan vere med å redde liv.

Det vart bestemt at stillinga som ruskonsulent vert ei fast tilsetjing. Kommunen har dei to siste åra fått tilskot frå statsforvaltar til stillinga, som ei prosjektstilling. Eit av satsingsområda har vært førebygging og implementering av konkrete verktøy. Det har vært fokus på at rus og psykisk helse er ei samla tenesta, og skal ha eit tett samarbeid.

Ansvar 2500 Legetenester

*Teneste 2330/2410**Om tenesta:*

01.01.22 var det offisielle startskotet for ny legeordning på Fedje. Den nye ordninga gjer at det er lege til stades på Fedje 24/7/365. Legen som er til stades på Fedje fungerer som fastlege, sjukeheimslege og helsestasjonslege på dagtid kvardagar, og er i vaktberedskap resten av døgnet og i helgen. Nordhordland Legevakt fungerer som legevaktsentral for Fedje kommune.

Ved starten av året arbeidde kommuneoverlegen 2 veker på og 2 veker av, mens dei to kommunelegane arbeidde kvar 4. veke i fast rotasjon.

I februar sa dåverande kommuneoverlege opp stillinga si. Dette førte til ein akutt og kritisk bemanningssituasjon på legesida. Arbeidet med å få inn vikarar var krevjande, og kommunen måtte be om bistand frå Nordhordland Legevakt, som i periodar fungerte som legevakt for Fedje kommune kveld, natt og helg. To nytilsette legar starta i juli og i august, og i frå august har det vore 4 legar som alle arbeider kvar 4. veke i fast rotasjon på Fedje. Den eine kommunelegen har overtatt stillinga som kommuneoverlege.

Legeordninga sikrar lett tilgjengeleg lege til folket på Fedje heile døgnet året rundt. Dette er ei trygg ordning for innbyggjarane på Fedje. Legeordninga er også eit gode for tilsette og bebuarar på Fedje sjukeheim, då det til ei kvar tid er ein lege til stades som kjenner bebuarane på sjukeheimen.

Mål i budsjettet

Tenestemål 2022	Status
Etablere ein god akuttberedskap	
God drift av ØHD – seng	
Betre det tverrfaglege samarbeidet	

Økonomi

Legetenesta har halde seg innan budsjettramma for utgifter for tenesta 2330. Det har vorte eit meirforbruk på legevaktutgifter, teneste 2410, grunna vikarforbruk, og for å stetta krava til akuttforskrifta ved å dekkje daglegevakt i sommar grunna vakant stilling.

Fleire innbyggjarar melder at dei ønskjer å ha fastlege på Fedje, og me hadde ei inntekt kr. 1 027 000,- gjennom brukarbetalingar- og refusjonar frå Helfo. Dette er gode tall, då me hadde eit mål på kr 750 000,- i budsjettet for 2022.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Ved å sikre stabilitet og kontinuitet blant legane har me som målsetjing å sikre ei robust, stabil og tillitsvekkande legeordning for innbyggjarane på Fedje. Legane har gått ulike kurs innan sitt fagfelt for å auke kompetansen, og dette er viktig for å vere ein attraktiv arbeidsplass for legane. Eit av kompetansefelte legane er skolert i er bruk av ultralyd. Dette bidreg til at i nokre tilfelle kan innbyggjarar sleppe å reise til Bergen for å få stilt ein eller fleire diagnosar.

Andre viktige tema

I februar starta ein sjukepleiar i 50% stilling ved legekantoret, og i desember vart stillinga auka til 60%. Sjukepleiaren fungerer som sjølv limet i legetenesta då det er denne stillinga som sikrar kontinuitet. Legane verdset å ha ein sjukepleiar å samarbeide med, og sjukepleiaren er med på å heve kvaliteten på arbeidet ved legekantoret.

Hausten 2022 vart også venterommet på legekantoret pussa opp, og me er såleis ferdig med oppussinga av kontorlokala til Fedje Legekantor. Lyse og trivelege lokalar skapar trivsel både for tilsette og pasientar ved legekantoret.

I juni vart kommunen tildelt midlar som skal bidra til å styrke legevaksordninga i kommunen. Me ser fram til å nyttegjere oss av midlane på ein fornuftig og god måte, slik at me på ulikt vis kan styrke legevaksordninga ytterlegare.

Frå 01.01.22 har kommunen hatt eiga ØHD-seng lokalisert ved Fedje sjukeheim. Så langt har dette tilbodet ikkje vore nytta, men det står klart til bruk.

Ansvar 2600 Sosiale tenester

Om tenestene:

Teneste 2440/2510/2520 barnevernstenester

Fedje er i eit vertskommunesamarbeid om kjøp av barneverntenester med kommunane Alver og Austrheim. Alver er vertskommune, og barnevernskantoret ligg i helsehuset i Knarvik. Det er ulike avdelingar internt i barneverntenesta, og dei arbeidar etter spesialistmodellen. Det vil sei at dei er spissa på oppgåver som gjeld nye meldingar, tiltak, fosterheim eller rettleiing. Ved behov har dei tett dialog med samarbeidsinstansane i kommunen, og deltar i tverrfagleg team.

Teneste 2750 introduksjonsordninga

Etter utbrot av krigen i Ukraina i februar 2022 fekk Fedje kommune tilråding frå IMDI om å ta i mot 30 flyktningar. Kommunestyret stetta og vedtok å ta i mot 30 flyktningar i april 2022.

Flyktningkoordinator blei tilsett i 50% stilling i mai. I november blei det tilsett ein miljøarbeidar i 50% stilling i Flyktningtenesta for hjelpa flyktningkoordinator med dei praktiske oppgåvene.

Fedje kommune tok i mot dei første flyktningane i slutten av mai. Og ved utgangen av desember hadde kommunen tatt i mot 24 flyktningar frå Ukraina, både kvinner, menn og born.

Om tenesta

Flyktningtenesta har ansvar for dialog med IMDI og avtale om busetting, etablering i kommunen og introduksjonsprogrammet/språkopplæring. Flyktningtenesta har hatt eit godt samarbeid med NAV, skule, vaksenopplæringa, barnehage, legetenesta og helsesjukepleiar i mottak av flyktningane og deira behov for oppfølging hjå dei ulike tenestene.

Introduksjonsprogrammet/kvalifiseringsprogram

Introduksjonsprogrammet er eit opplæringsprogram som skal forberede flyktningar til deltaking i norsk arbeids- og samfunnsliv. Alle mellom 18 og 55 år har rett til å delta. Flyktningane har rett på men ikkje plikt til å delta i introduksjonsprogram. Det blei gjort nokon midlertidige endringar i integreringslova til dei som har kollektiv beskyttelse. Den midlertidige endringa regulerer innhaldet i programmet. Kommunen pliktar å tilby eit program som inneheld eit arbeids- og utdanningsretta innhald og eit språktilbod. For personar med born under 18 år skal og foreldrerettleggning inngå i programmet.

I utgangen av året hadde 11 vaksne starta i introduksjonsprogrammet. Me har opplevd stor velvilje og positivitet til å ta i mot deltakarar i språkpraksis både hjå kommunale arbeidsplassar og hjå private arbeidsplassar.

Økonomi

I budsjett for 2022 var det ikkje tatt med i berekninga at Fedje kommune skulle busetje flyktningar. Som resultat har det blitt eit meirforbruk. Inntekt vert ført under finansiering – grunna retningslinjer frå KOSTRA.

Tenesteutvikling og kompetanseheving

Flyktingtenesta skal gje eit tilbod som bidreg til at mottak av flyktningar vert gjort på ein god måte og at den enkelte føler seg ivaretatt og trygg. Det er viktig at oppfølginga av nykomne flyktningar er heilskapleg. Det har og vore viktig å tenkje god integrering.

På Fedje er avstanden kort mellom dei ulike tenestene, og flyktingkoordinator ser positivt på å fortsette det gode samarbeidet på tvers av tenestene, og å utvikle det tverrfaglege samarbeidet.

Fagmiljøet er lite på Fedje og det har i 2022 vært nausynt og viktig å samarbeide og ha dialog med omkringliggende kommunar som har stått i same utfordringa med mottak av eit stort tal flyktningar i 2022. Det vil vere behov for å prioritere kompetanseheving som gjeld flyktingarbeid i 2023 for at Fedje kommune skal kunne gje ein så god og heilskapleg oppfølging som mogleg i åra framover.

Teneste 2810 økonomisk sosialhjelp

NAV Fensfjorden er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen. Masfjorden kommune er vertskommune, og NAV-kontoret ligg på Hostelnd i Masfjorden. Det jobbar totalt 14 personar ved kontoret fordelt på 12,95 årsverk, og NAV yt tenester til innbyggjarane i alle 5 kommunane. I tillegg har NAV ei stilling knytt til prosjektet «Ansvarleg ungdom».

Målet med å etablere ei interkommunal NAV-teneste for deltakarkommunane er å styrkje kompetanse og sikre stabilitet slik at brukarane får tenester med god kvalitet.

Prosjekt:

NAV Fensfjorden har to prosjekt støtta med midlar frå Statsforvaltaren i Vestland.

- Prosjekt Marknadskontakt i NAV vart tildelt i mars 2019 og varte fram til oktober 2022. Formål er å knytte personar som mottek sosialhjelp opp mot ordinært arbeidsliv. Målgruppa er personar som mottar sosialhjelp som hovudinntekt, flyktningar som deltek i

introduksjonsprogram, ungdom som sluttar på vidaregåande skule og personar som treng hjelp i overgangen soning i kriminalomsorga og over i arbeid. Dette prosjektet er no avslutta. Resultat visar at tett oppfølging gjer det lettare å hjelpe folk over i jobb. Kontakt med lokalt næringsliv er heilt avgjerande for å gje jobbmoglegheiter til dei som treng ekstra oppfølging.

- Prosjekt Ansvarleg ungdom vart tildelt i mars 2021. Formål er førebyggjande økonomisk rådgjeving for ungdom for å hindre at dei pådreg seg unødvendig gjeld. Målgruppa er ungdom frå 10 klasse og opp til 25 år. I dette prosjektet skal NAV delta i undervisning på vidaregåande skule, i ungdomsskule eller andre stader der ungdom treffast. Våren 2022 hadde NAV undervisning i vg2 og vg3-klassane på Austrheim vidaregåande skule. NAV har tilbydd undervisning i 10. klasse for skulane i vår region. I tillegg har NAV undervist på jobbklubb for ungdom i Knarvik, der og nokre av våre brukarar kan delta.

Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet (KVP) er for dei som treng støtte for å kome i arbeid. Programmet skal tilpassast den enkelte og deira utfordringar. Saman lagar den enkelte og rettleiar eit program som skal innehalde arbeidsretta tiltak, opplæringsaktivitetar, individuell oppfølging og rettleiing.

Programmet kan og innehalde andre aktivitetar som støttar og førebur den enkelte på å kome i arbeid. Det kan for eksempel være å trene på motivasjon, norskkurs, buoppfølging og økonomisk råd og planlegging. I programmet kan deltakarane og få tid til nødvendig helsehjelp.

I løpet av 2022 har fleire personar søkt om og fått innvilga deltaking i Kvalifiseringsprogrammet (KVP).

Arbeid med flyktingar frå Ukraina

NAV Fensfjorden har ikkje Flyktingtenesta som ein del av innhaldet i NAV-kontoret. NAV har likevel hjulpet kommunane med delar av den jobben kommunen gjer når kommunen tar imot flyktingar. Når den enkelte flykting kjem til kommunen så startar prosessen med introduksjonsprogram, og dette gjer rett på introduksjonsstønad. Før stønaden kjem i gang, må dei ha norsk bankkonto, og før den kjem på plass så betalar NAV ut økonomisk sosialhjelp på vegne av kommunen. I tillegg så deltar NAV i møter med kommunen på korleis NAV kan hjelpe flyktingane med informasjon om arbeidsmarknaden. Mange av flyktingane deltok på karrieremessa som NAV arrangerte saman med Gulen og Masfjorden utvikling hausten 2022.

Økonomisk sosialhjelp

NAV Fensfjorden fylgjer dei rettleiande statlege satsane for økonomisk sosialhjelp. Tabellen viser utviklinga i satsane dei tre siste åra.

	2020	2021	2022
Einsleg	Kr. 6 250	6450	6550/6650*
Ektepar/sambuarar	Kr. 10.450	10800	10950/11150*
Person i bufellesskap	Kr. 5 250	5400	5450/5600*

Barn 0-5 år	Kr. 2 750	3150	3200/3250*
Barn 6-10 år	Kr. 3 150	3250	3300/3350*
Barn 11-17 år	Kr. 4 100	4250	4300/4400*

*Satsane på økonomisk sosialhjelp vart justert 010722 grunna auka vekst i konsumprisane

Rekneskapan syner denne utviklinga på økonomisk sosialhjelp:

	2020	2021	2022
Yting til livsopphald			
Fedje	1.092.528	567.269	978.421

Ansvar 3000 Teknisk kontor

Om tenestene:

Ansvar 3000 har følgjande tenesteområde: Administrasjon, forsikring av alle kommunale bygg, bustadtilskot, investeringsprosjekt, handsaming av planar, byggesak og oppmåling, landbruk, vegar, veglys, brann, oljevern, statleg oljeverndepot, vatn, kloakk, slam og renovasjon.

Teknisk sjef gjekk av med pensjon i august 2022. Det blei tilsett kommunalsjef for samfunnsplanlegging i mai 2022. Kommunalsjef blei sjukemeld i september, og me har difor hatt minimal kapasitet i sektoren. Me har og hatt manglande ressursar på teknisk drift. Det blei tilsett vikar hausten 2022, men han kunne ikkje byrje før i 2023. Situasjonen er blitt løyst ved at ny driftsleiar har teke på seg ansvar for alt som har med teknisk drift å gjere. Det har vært spesielt mykje å gjere for teknisk drift knytt til mottak av flyktningar, og å setje i stand kommunale bustadar.

Me har leigd inn fagfolk på kart og oppmåling frå Austrheim kommune, og me har leigd inn ein ressurs til handsaming av bygge- og delesak i november og desember. Kommunedirektøren har teke det overordna ansvaret for teknisk sektor. I tillegg har kommunedirektøren følgd opp planprosessar og investeringsprosjekta.

Mål i budsjettet

- Kommunen leverer prøvar av bassengvatn og drikkevatn kvar månad. Alle prøver skal stetta drikkevassforskrifta og bassengforskrifta. Alle bakterieprøver av drikkevatn har vært gode. Miljøretta helsevern hadde tilsyn med Fedje kommune hausten 2022, og både basseng og badeplass var innafør krava.
- For barnehage, skule og sjukeheim har det vore vanleg at teknisk sjef og leiinga ved dei ulike bygga, år om anna har halde ei felles synfaring, der ein har sett på vedlikehald av bygga innvendig. Felles synfaring i alle bygg var eit mål for 2021. Det vart oppfylt for sjukeheim og skule i 2021. Det har ikkje vært kapasitet til å gjennomføre synfaringar i 2022.

Økonomi

Ansvar 3000 hadde eit overforbruk på 310' kr i høve til budsjett.

Vassverket hadde eit meirforbruk på 291' kr.

For byggesak og kart og oppmåling er det eit overforbruk på 142' i forhold til budsjett. Det var ikkje budsjettert for innleige av oppmålingstenester.

Diverse fellesutgifter :

Vi hadde to forureiningssaker som førte til utgifter for kommunen i 2021: Båten "Molly" som sakk ved kai, og fyringsolje frå Norway Foods som var lagra på gnr. 169, bnr. 47 i plastkoneinrar. Samla utgifter for kommunen i desse to sakene vart 353.000,- kr. To krav er sendt. Krava er inntektsførte, men ikkje betalte. Dette blir difor ført som tap i rekneskapen.



Bustadtilskot :

Det vart utbetalt tre tilskot på 60 000 kr til rehabilitering i 2022.

Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg

Ansvar 3100 har følgjande tenesteområde: Bygg som kommunen eig, bustader som kommunen eig, fyrvaktarbustad, helikopterplass, bade plass/grøne område, fotballbane og kommunale vegar.

Økonomi

Kommunale bygg og anlegg har eit overforbruk på 2 213'. Dette skuldast mottak av flyktningar og høge utgifter til straum. Alle de kommunale bustadane bortsett frå to, blir brukt til å huse flyktningar. Dei fleste av bustadane hadde behov for diverse oppgraderingar og reparasjonar. For å få dette arbeidet ferdig i tide måtte me leige inn ekstra mannskap for å gjere husa klar for innflytting. Det har og blitt gjort diverse oppgraderingar på skulen etter tilsyn frå Miljøretta helsevern. Overforbruket skuldast og diverse tiltak/reparasjonar på sjukeheimen og på svømmebassenget.

Inntektene frå mottak av flyktningar er ført på ansvar 2000. Me må difor sjå desse inntektene i samanheng med overforbruk på kommunale bustadar.

Det var satt av 130' til veglys. Her er det eit overforbruk på kr 90'. Dette kan forklarast med auka pris på straum.

Straum :

Budsjettet for straum vert vedteke på ansvarsnivå. Avtalen om fastpris gjekk ut i 2022. Det har ikkje vært mogleg å få til ein ny, gunstig fastpris i 2023. 2022 er siste året der halve prisen er bunden. Sjølv med halv pris som er bunden har prisen på straum til tider vært svært høg i 2022. Samla budsjett til straum for kommunale bygg var 1402' kr. Me brukte 1 900', som er eit overforbruk på ca. 500'. For 2023 vil me ikkje ha avtale om bunden pris på straum. Straumprisane kjem til å verte høge framover. Det blir difor viktig å få på plass ENØK tiltak for å halde kostnadane nede.

Kommunale vegar :

Størst overforbruk var det på kommunale vegar med 353'. Budsjettet var på 292'. Dette skuldast auka utgifter til brøyting/salting, og utgifter knytt til vedlikehald av kommunale vegar som det ikkje var budsjettert med.

Større vedlikehald gjennomført i kommunale bygg i 2021 :

Arbeid med nytt kontor til helsesøster blei ferdig til skuleåret starta. På grunn av av lang leveringstid på lyddør blei arbeidet mykje forseinka (skulle vært ferdig i 2021).

Sjukeheimen: Det blei gjort eit større arbeid for å få oppgradert legekantoret. Hausten 2022 blei det satt i gang arbeid for å fikse venterom og WC, og det blei satt inn ny, automatisk dør. No er legekantoret universelt utforma og godt skilta.

Sjølvkostrekneskap

Fedje kommune hadde ikkje kapasitet til å få fram sjølvkostbudsjett for 2023 og rekneskap for 2022. Difor vart Momentum AS engasjert til å utarbeide budsjett på sjølvkostområdet for 2023 og rekneskap for 2022. Denne løysinga vil bli permanent framover.

Oversikt over sjølvkostrekneskap for 2022:

Samlet etterkalkyle 2022

Etterkalkylene for 2022 er basert på regnskap datert 17. februar 2023.


Etterkalkyle selvkost 2022	Vann	Avløp	Husholdnings-avfall	Slamtømming	Totalt
Direkte driftsutgifter	1 894 697	418 013	1 367 792	115 727	3 796 229
Avskrivningskostnad	62 836	216 529	0	0	279 365
Kalkulatorisk rente (3,54 %)	57 003	147 287	0	0	204 290
Indirekte driftsutgifter (netto)	79 976	16 752	11 903	989	109 620
Driftskostnader	2 094 513	798 581	1 379 695	116 716	4 389 505
Samlet selvkost (Gebyrgrunnlag)	2 094 513	798 581	1 379 695	116 716	4 389 505
Gebyrinntekter	2 189 688	818 516	1 475 494	173 876	4 657 574
Selvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	95 175	19 935	95 799	57 160	268 069
Finansiell dekningsgrad i %	105 %	102 %	107 %	149 %	106 %

Selvkostfond 01.01	-1 731 000	114 000	0	-0	-1 617 000
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond	95 175	19 935	95 799	57 160	268 069
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond	-59 527	4 384	1 694	1 011	-52 439
Selvkostfond 31.12	-1 695 351	138 318	97 493	58 170	-1 401 370

Etterkalkyle selvkost 2022	Feiing	Private planforslag	Bygge- og delesak	Oppmåling	Totalt
Direkte driftsutgifter	75 999	24 179	98 024	265 657	463 859
Indirekte driftsutgifter (netto)	650	132	16 514	10 107	27 403
Driftskostnader	76 649	24 312	114 538	275 765	491 263
+ Tilskudd/subsidiering	0	18 875	0	138 980	157 855
- Øvrige driftsinntekter	0	-5 437	-3 600	0	-9 037
Samlet selvkost (Gebyrgrunnlag)	76 649	18 875	110 938	275 765	482 226
Gebyrinntekter	56 563	0	195 900	136 785	389 248
Selvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	-20 086	-18 875	84 962	-138 980	-92 978
Finansiell dekningsgrad i %	74 %				81 %

Selvkostfond 01.01	0	0	0	0	1
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond	-20 086	0	84 962	-0	64 876
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond	-355	0	1 502	0	1 147
Selvkostfond 31.12	-20 441	0	86 464	0	66 023

Etterkalkylene for 2022 er utarbeidet i samarbeid med rådgivningsselskapet **Momentum Solutions** som har mer enn 19 års erfaring med selvkostproblematikk og bred juridisk og økonomisk kompetanse knyttet til selvkost. **Momentums** selvkostberegningsmodell **Momentum Selvkost** Kommune benyttes av flere enn 300 norske kommuner.



Beredskap

På grunn av koronapandemien har det generelle beredskapsarbeidet blitt prioritert ned. Statsforvaltaren hadde tilsyn med beredskapsplanen og plan for helseberedskap hausten 2022. Dei fant lovbrøt på begge planane. Me har difor engasjert eit firma til å hjelpe til med å få begge planane på plass, slik at statsforvaltaren kan godkjenne dei. Dei vil bli vedteke i juni 2023.

Likestilling, diskriminering og sjukefråvær

Likestilling og diskriminering

Kommunelova § 14-7 e) og f) pålegg kommunane ei rapporterings- og aktivitetsplikt rundt likestilling mellom kjønna og arbeid mot diskriminering av folk på grunnlag av kjønn, etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion, livssyn, funksjonsevne i årsmeldinga.

Fedje kommune har særleg 3 utfordringar på dette området:

Tilgjenge	Tiltak i 2022
Ikkje tilgjenge for rullestol eller folk som er dårleg til beins på kommunehus	Sørvistorget har flytta til universelt tilgjengeleg lokale. Vedtak om å bygge om Hjardebanken og stenge kommunehuset (dårleg stand)
Ikkje tilgjenge for rullestol på skulen	Ingen tiltak. Tiltak vert sett inn når det blir behov for det (avtalt i tilsyn med Miljøretta helsevern hausten 2022)

Likestilling og arbeid	Tiltak i 2022
Fedje kommune har pr 31.12.22: 35,6 % menn og 64,4 % kvinner. Det er særleg to grunnar for deltid: 1. I pleie og omsorg er dette heilt naudsynt for å dekke turnus og samstundes jobba 3. kvar helg. Turnus er lagt om til årsturnus i frå 2022 med ynskje om å betre forholda 2. Reinholdsstillingane er alle deltid. Det er ein struktur me har «arva» langt tilbake i tid. Her har det vore gjort arbeid for å slå saman stillingar når dei er ledige.	Har rutine mot uønskt deltid. Bruk av deltid og mellombelse stillingar vert drøfta kvart år med dei hovudtillitsvalde, og aktuelle tal vert i den samanheng lagt fram. Det er framleis alt for mange som jobbar deltid og i små stillingar i kommunen. Me arbeider for å få flest mogleg stillingar i 100%. Dette gjeld spesielt i helsesektor og på reinhald.
Tilsette med utanlandsk bakgrunn arbeider i 11% av årsverka i kommunen.	Kontinuerleg tiltak: Det vert arbeidd aktivt med å likebehandla utanlandske søkjarar/søkjarar med utanlandske namn i tilsetjingsprosessar.
Fedje kommune tilbyr norskopplæring også til dei som ikkje har rettar til det, så lenge me har eit norskopplæringstilbod til dei som har rett på det.	Det har vært gitt norskopplæring knytt til mottak av flyktninger
Full barnehagedekning – alle som treng det får tilbod, opptak gjennom heile året. Gratis barnehage.	For å få til ein meir retteleg og effektiv drift av barnehagen blei det vedteke i 2022 å ha fire opptak i året.

Kjønnsbalanse politikk	Tiltak i 2022
I kommunestyret er det 60% menn og 40% kvinner frå oktober 2019.	Ingen tiltak

Sjukefråvær

I 2022 har me hatt mykje sjukefråvær i Fedje kommune: 6,1%, men det er ein betring i frå 2021 då sjukefråværet var på 8,1 %. Særleg er fråværet høgt på sjukeheim og på skulen.

	Lønnstakere med legemeldt sykefravær i prosent av arbeidstakere i alt				
	2022K1	2022K2	2022K3	2022K4	Totalt
4633 Fedje Begge kjønn	8,9	5,8	3,7	5,9	6,1


Kjelde: SSB, 2023

I 2022 fekk Fedje kommune to utbrot av korona – eit om våren og eit før jul. Samstundes har terskelen for å halde seg heime når ein har hatt luftvegssymptomar nødvendigvis måtte vore lågare. Likevel har me klart å levere tenester til innbyggjarane på eit tilfredsstillande nivå. Dette skuldast ikkje minst at tilsette har strekt seg langt i å stille opp som vikar eller jobba ekstra.

Det er ofte vanskeleg å skaffe vikar, og ein får ofte berre sjukmelding for ein månad av gongen, noko som gjer det vanskeleg å lyse ut stillingar/vikariat. Kopla med at me ofte berre er ein tilsett som har kvar oppgåve i Fedje kommune, har dette gjeve store utfordringar i året som har gått i fleire tenester, og då spesielt på sjukeheim og i sentraladministrasjonen. Me er ein organisasjon som er sårbar for sjukefråvær, og difor vil det ligge store gevinstar i sjukdomsførebygging.

Om me ser utviklinga over tid, er det bekymringsfullt at pleie og omsorg igjen er oppe på eit mykje høgare nivå av sjukefråvær enn me ønskjer. Det er vanskeleg å sjå kva veg trenden vil gå: Er dette eit dårleg år, eller er pleie og omsorg i ferd med å etablere seg på eit høgare sjukefråværnivå over tid? Når det gjeld «andre einingar», ser det meir ut til å vere knytt til nokre få lange fråvær i små einingar.

11122: Lønnstakere med legemeldt sykefravær, etter kjønn og kvartal. Lønnstakere med legemeldt sykefravær, Fedje.



Kjelde: SSB, 2023

Oppsummert er Fedje kommune eit stykke frå målet om å ligge i snitt på ca. 5% sjukefråvær. Likevel ser vi ei viss betring i frå 2021 til 2022.